

– Folk flest er bra folk, dét finn me ut når me vågar å møta dei!

les Borghild Gramstad på kommentarplass s. 2

NR 6 • 2011 • ÅRGANG 10 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

## Naturleg med nynorsk

Nynorsk er det naturlege valet for Kjell Inge Torgersen når han set om amerikanske julesongar til norsk.

s. 21

## Godt nok

Dei fleste asylsøkjjarbarn får det opplæringstilbodet dei har krav på i Noreg i dag.

s. 8-9

## Vil nå ungdom

Erlend Bøe har lang fartstid som ungdomspolitkar. Nå vil han skrive bok om ungdomsdemokrati.

s. 7

## Kortreist mat



Foto: [www.tommyrasmussen.no](http://www.tommyrasmussen.no)

Matbuda i Stranda starta opp i september, og responsen har vore over all forventning for dagleg leiar Vebjørn Skog.

• Sjå s. 20

## Landskvinna



Foto: Det Norske Teatret

Har Herborg Kråkevik fått eit nytt perspektiv på heimlandet etter mange år i Danmark?

• Sjå s. 22



Foto: Espen André Breivik

# Liten plass til nynorskbøker

Mindre enn 6 prosent av alle bøkene som kjem ut på norsk i Noreg, er på nynorsk. Er det sentral styring, mangel på plass eller mangel

på medvit som gjer at nynorskbøkene har ein relativt låg profil i hyllene i butikkane?

Side 3

BRUK  
LNK  
KORTET

BEST WESTERN HOTELL  
**BONDEHEIMEN**

*Sidan 1913*



- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden

Rosenkrantz' gate 8  
N- 0159 Oslo  
+ 47 23 21 41 00  
[bookingoffice@bondeheimen.com](mailto:bookingoffice@bondeheimen.com)



Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar

LEIAR

## Nye tradisjonar

Det stundar mot jul, den tida på året då familie, tradisjon, varme og høgtid, men også forbruk, får stå i høgsetet. Tradisjonelt varar jula frå julaftan til 13. dag jul, altså til den 6. januar. Men til stor glede for somme, og til djup irritasjon for andre, byrjar jula no i god tid før advent og blir som regel hiven ut med restane av mat og kaker første nyttårsdag.

Det er ikkje noko nytt, og treng heller ikkje vere så kontroversielt, at ting endrar seg. Også tradisjonar må merkjast av at tida går, noko anna ville vore svært underleg. Mykje av den julefeiringa vi omgir oss med i dag, minner lite om den jula vi feira her til lands for hundre år sidan. Vi gjev fleire og dyrare gåver, julematen blir førebudd med andre råvarer og er også påverka av trendar utanfor oss sjølve. Julebukke er ikkje lenger ein leik for vaksne, juletraa finst i mange slag – også plast – og kyrkjegangen er tilpassa tv-programmet.

**Likevel er nok jula** den tida som i størst grad inspirerer oss til å børste støvet av tradisjonane våre og trykke dei til brystet vårt med stor varme og glede. Ribba, pinnekjøtet og juletorsken skal forebuast og forterast nett på same vis som i fjor og året før. Balsamico-eddik og wasabi får stå i fred på julaftan. På bordet står englespelet, som kostar 20 kroner hjå Jernia og truleg har kosta det sidan den tradisjonen vart innført på syttitalet. Cola-nissar og norske fjøsnissar sit arm i arm i sofakrokane og ser på *Tre natter for Askepott* og *Lady og Landstrykaren* som deler spagettien mellom seg.

Julesongane våre er vi også glade i. Kvart år får vi stadige nytutgjeingar av gamle klassikarar som *Det lyser i stille grender*, *Glade jul* og *Bjelleklang*. Ikkje alle desse songane er norske, vi har lånt dei frå fjern og nær og har gjort dei til ein del av det vi kallar juletradisjonane våre.

**I år har Stavanger-artisten** Kjell Inge Torgersen gjeve ut ei juleplate med songar på nynorsk. Somme er tradisjonelle nynorske julesongar, medan andre er nysskrivne for dette albumet, og somme er omsette frå engelsk. Bra tiltak!

Også artisten Odd Nordstoga har tilført nye skattar til juletradisjonane våre. Gjennom NRK-serien *Jul i svingen* gav han oss ein ny julesong som vi kan ta med oss inn i høgtida og gjere til vår eigen. Og med nokre linjer frå Jolevise ønskjer vi alle lesarane våre ei gledeleg jul!

*Eg vil beim til jol, eg  
stå i snøen utpå tunet / og vera klar  
når klokken dei kimar  
fyller dalen med den songen / som var for*

Jolevise, tekst og musikk: Odd Nordstoga 2008

## Folk flest

**D**u må ikkje la deg skemma av korleis folk blir framstilte i media. Dei fleste ungdom-mane går ikkje rundt og planlegg valdtekt eller mobbar studiekameratar, dei fleste politikarane er ikkje korrupte, og dei fleste utlendingane er ikkje terroristar.

*Folk flest  
er bra folk.*

*De smiler og hilser og oppfører seg  
stort sett fint mot bverandre.*

*Dette  
er et godt utgangspunkt.*

Dette diktet av Stig Holmås burde eg ha ein stad der eg kan sjå det ofte og bli mint på det. For sjølv om eg veit så godt at det er sant det han skriv, så er det så lett å bli lurt av media, av folkesnakk og anna negativitet rundt seg.

Eg er innom Dagbladet sine nettsider stort sett ein gong for dagen og får med meg eit par andre avisframsider frå kioskane og går forbi på vegen min. Der kan eg lesa om sexpress blant ungdommar, vennevaldtektar på fest og overfallsvaldtektar på gata, korrupte og kriminelle politikarar, mobbing på skulen, reaksjonere gamlingar, framandarta og kanskje terrorinnstilte utlendingar, rasistiske nettdebattantar og andre forferdelege ting.

**H**eldigvis er ein av og til ute i verda, slik at ein kan få retta opp slike inntrykk. Bussen min går forbi både ein ungdomsskule og ein vidaregåande skule, og det hender ikkje sjeldan at eg tjuvlyttar litt til kva elevane snakkar om. Veldig ofte kan eg glede meg over at gutar og jenter snakkar heilt alminneleg saman, som om dei rett og slett skulle vera kameratar og ikkje ute etter å a) mobba kvarandre eller andre, b) utnytta kvarandre seksuelt eller c) driva hærverk på bussen eller skulen sin.

No blir det mørkare kveldar veldig fort her i Nord-Noreg, og det hender at eg går aleine i tomme gater og vegar. Her ein dag leita eg etter ei adresse, og ein framand mann eg treffe der ute i mørket, gikk rundt med meg i 15-20 minutt for å hjelpa meg å finna rette staden. Ikkje verka han som om han gikk og planla ein overfallsvaldtekt heller, korkje på meg eller andre.



KRONIKK

Dei få gongene eg har hatt direkte kontakt med lokalpolitikarane i byen min, har eg alltid blitt imponert over kor engasjerte og arbeidsame dei er. Sist eg var på ei langflyging, baud det arabiske paret ved sidan av meg på heimelaga arabiske kaker, og eg skjemdest fordi eg ikkje hadde noko å by på tilbake. Og det er alltid kjekt å treffa kjenningen min frå Mali ute på byen, fordi han er flink å dansa og aldri full! Realitetsorientering, heiter dette på fint. Verda er ikkje heilt slik som media vil ha det til, men det må me finna ut av sjølve.

**D**å eg studerte medievitenskap, såg me nokre filma intervju med fleire bergensungdommar om medievanane deira. Eg hugsar spesielt ei 15-16 år gammal jente som såg mykje amerikanske actionfilmar, særleg fengselsfilmar, kunne ho fortelja. På spørsmålet om kor realistiske ho syntest filmene var, svarte ho at dei var ganske realistiske, «for går du ute på byen ein kveld, må du rekna med å få deg ein på trynet», som ho så kjekt sa.

### Verda er ikkje heilt slik som media vil ha det til, men det må me finna ut av sjølve.

Eg kunne ikkje heilt tru at det var same byen me budde i; eg gikk jo ut fleire gonger i veka og hadde aldri sett nokon få seg ein på trynet. Men viss fengselsfilmar er hovudreferansen din, så er det kanskje det same du ventar å sjå ute i gatene? Og er du gammal og bur aleine, er det ikkje merkeleg at du blir redd for å gå ut eller opna dora viss verdsbildet ditt blir forma av medieoppslag om vald og ran. Og om du ikkje kjenner nokon utlendingar eller folk med røter i andre land, er det fort gjort å tru at dei er så totalt forskjellige frå deg at det aldri vil gå å dela samfunn med dei, langt mindre ha dei som naboar.

Me må rett og slett bli kjende med og ha kontakt med fleire av dei som me har fordommar mot, det er den beste vaksinen. Når ein kjem frå ei lita bygd, som eg gjer, veit ein jo at det er bra folk dei aller fleste, sjølv om dei stemmer på «feil» parti eller er litt for glade i ein fest, eller kjem frå ein annan kant av verda. Kanskje er det den gode naboskapen ein vil tilbake til med kampanjen «Tea time», der muslimar inviterer ikkje-muslimar på te? Ein god idé er det uansett. Folk flest er bra folk, det finn me ut når me vågar å møta dei!

# Gøymer nynorske bøker i vest

## Kvifor blir det ikkje stilt ut fleire nynorske bøker i bokhandlane i nynorske kommunar?

ESPEN ANDRÉ BREVIK OG  
SVEIN OLAV B. LANGÅKER

Framtida.no har sjekka bokhandlarar kring i Noreg for å sjå kor lett det er å finna nynorske bøker i bokhandlane til jul.

ARK på Leirvik, Stord: I havet av bokmålsbøker finn me fire lokale bøker på nynorsk som er stilt ut. I tillegg er det eitt bord med kring 30 nynorske bøker i samband med den nynorske barne- og ungdomslitteraturfestivalen Falturitu tidlegare i månaden. Det er seks andre bord med bokmålsbøker.

På den store veggen med bestseljarbøkene finn me biblar. To av dei på bokmål, ein på nynorsk.

Notabene, Leirvik, Stord: I vindauga finn me to lokale bøker på høvesvis dialekt og nynorsk, saman med kring 20 bokmålsbøker. Det er nynorske bøker fleire stader i butikken, men berre ein svært liten del av dei som er stilt ut.

– Me har ikkje plass til å skilja mellom bøker på nynorsk og bokmål, seier dagleg leiar Tone Bakka på spørsmål om dei er medvitne om at dei driv bokhandel i den største nynorskbyen i verda. Ho fortel at dei nettopp har skifta utstilling, og at det no berre er lokale bøker som er stilt ut. Fleire av desse er på nynorsk.

Ølen Bok og Papir, Vindafjord: Maria Parr-boka *Vaffelhjarte* og lydبoka *Rampete Robin ligg ved inngangen*, i eit lite torg der bøkene vert ekstra synlege. I ei bokhylle sentralt i butikken står Sylfest Lomheim si *Tale er gull* og Edmund Austigard si *Solskinnsbussen* saman med bøker av May Grethe Lerum og Ragnar Hovland si *Stille natt*. Ragnar Hovland og Jon Hjørnevik står fleire plassar i butikken. Bøkene for born er skilde etter målform. Her var ei lang hylle som berre inneheld barnebøker. Dei to nedste hyllemetrane er godt merka med ein gul plakate på toppen: NYNORSK.

### – IKKJE SÅ MEDVITNE

Fagbok, Høgskulen i Volda: Utstillinga er prega av pensumrelaterte bøker. På podiet



TILGANG: Johannes Vartdal (25) og Andreas Haugen (21) trur tilgang til nynorskbøker er viktig for om dei kjem til å velja nynorske bøker. (Foto: Espen André Breivik)

vi først møter inne i lokalet, har berre ei av dei 23 bøkene nynorsk som målform.

– Vi er nok ikkje så medvitne på om bøkene vi set fram, er på nynorsk eller bokmål. Utstillingane er prega av kva som sel, og kva som er listetopp, fortel butikkmedarbeidar Bente Strømmen og viser til bøker om blant anna lågkarbomat.

Likevel har butikken eit markert område med barnebøker på nynorsk.

– Enkelte som bur her og jobbar ved skulen, spør spesifikt etter bøker på nynorsk. Og så er det i tillegg emne her på skulen, fortel Strømmen.

### MARIA PARR SIDE OM SIDE MED JO NESBØ

Notabene, Volda sentrum: Ein må leite noko for å finne dei nynorske bøkene her. Men butikksjef Inger-Annette Bjørneset seier seg samd i at dei er viktige å fronte,

midt i Ivar Aasen sitt rike. Vi får fordelt ein del frå kjeda, men står fritt til å gjere lokale tilpassingar. Ein stor del av omsetninga her består av lokale forfattarar, og elles kan vi bestille inn det folk kjem med ynskje om, fortel ho.

Barnebokforfattaren Maria Parr frå Vanylven, knapt ein time frå Volda, har selt svært godt i butikken dei siste åra.

– Bøkene hennar har vore likestilte med bestseljarane til Jo Nesbø, fortel Bjørneset.

– Men det er ikkje berre å ta inn grenselaut med nynorsk litteratur om han ikkje sel.

### IKKJE OPTEKEN AV MÅLFORM

Johannes Vartdal (25) og Andreas Haugen (21) studerer begge i Volda. Vartdal har nynorsk som hovudmål, medan Haugen skriv bokmål. Uansett er ingen av dei oppteken av kva form bøkene dei les, har.

## – Kjedenene bestemmer meir

### Anne Liv Tresselt, forlagsjef for Samlaget Litteratur, opplever at kjedene bestemmer meir og meir.

ESPEN ANDRÉ BREVIK OG  
SVEIN OLAV B. LANGÅKER

– Bokhandlane blir likare og likare, og det er mindre rom for regionalt særpreg. Det er jo ei kjedeleg utvikling, seier ho.

Jon Tørræs Thuv, administrerende direktør for Ark, seier at bokhandlarane deira

står fritt til å ta inn dei bøkene dei vil, men han vedgår at det er fleire som har teke opp spørsmålet om sentralstyring.

– Me samordnar kampanjar sentralt. Men dei lokale bokhandlane står fritt til å ta inn dei bøkene dei vil, lokalt, seier han og held fram:

– Viss butikkanne ikkje har mange lokale bøker eller nynorskbøker, eller ikkje viser dei fram, då kan det vera fordi me ikkje er gode nok lokalt.

– Spesielt i jula er lokale bøker viktige. I enkelte bokhandlar er fem av dei ti mest selde bøkene lokale bøker.

– I julebladet som de sentralt har gjeve ut, er det ikkje ei nynorskbok som er vist fram, kvifor det?

– Det er eg usikker på. Tradisjonelt har me jobba veldig godt med nynorske bøker. Samstundes må eg seia at det aldri har vore eit tema om det skal vera nynorsk med eller ikkje.

– Hulda Garborg-biografien til Arnholdt Skre vann Bragepris og Vaffelhjarte av Maria Parr går som tv-serie. Burde ikkje dette vera ekstra salsargument i eit slikt blad?

– Det har du rett i, men som sagt veit eg ikkje kvifor ingen nynorskbøker er tekne med i bladet.

**SPRÅKFAKTA**

Ifølgje Språkakta 2010 av Ottar Grepstad er det i underkant av seks prosent av alle bøker i Noreg som kjem ut på nynorsk. I 2008 kom det ut 456 bøker på nynorsk, medan 6293 bøker kom på bokmål.

Det er faktisk fleire bøker som blir gjevne ut på engelsk her i landet, enn på nynorsk. 969 bøker blei gjevne ut på engelsk i Noreg i 2008, noko som tilsvarar vel 10 prosent av alle bøkene i landet.



Utgevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorskkommunar (LNK)

Redaktør:  
Toyni Tobekk  
toyni@norsk-plan.no

Redaksjon:  
Elin Moen Karlsen  
Astrid E. Hjelmeland  
Magnar Riveland  
Svein Olav Langåker  
Espen André Brevik  
Torkel A. Schjerveoag

Faste spollistar:  
Jon Olov Frelund  
Vidar Heiviskeland

Korrekturlesar:  
Dag Gjerdet

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedet i Vallandsvåg

4235 Hebnes  
Telefon 52 79 04 80  
Telefaks 52 79 04 81  
E-postadresse: bladstovo@lnk.no

Montering:  
Norsk Plan as  
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Trykk:  
Sunnhordland  
Opplag omlag 6000  
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan ringast hjå  
LNK, tlf. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,  
eller bladstovo@lnk.no  
Pris kr 150 per år.

Neste utgjeving:  
9. februar 2012

Annonsprisar:  
1/1 side kr 20 000,-  
(253x360 mm)  
1/2 side kr 11 600,-  
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 7 400,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
21 kroner per millimeter.  
Prisane gjeld ferdig materiell.

Annonsar blir å levera  
som pdf-fil til: astrid@norsk-plan.no

## SITATET:

– No betyr forfatterskapen meir for Telemark fylkeskommune enn prisen betyr for meg.

Hans Herbjørnsrud fekk kulturprisen av Telemarks fylkeskommune, og meiner det var på høg tid.

# Nynorsk lågkarbo



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

## HØVISKE ORD

Det har vore ein god haust. Fleire yndlingsforfatarar har kome med nye romanar, og det har vore eit framifrå lesevær på Vestlandet. Forlaga forar oss med nye bøker kvar veke, og Bergens Tidende gler seg over at tre av dei nominerte til Nordisk råds litteraturpris nesten er frå Bergen.

Oppe i all denne lukka slår Framtida.no opp at dei ikkje alltid er så lette å finna, desse bøkene. I alle høve ikkje dei som er skrivne på nynorsk, slik du kan lesa om i denne avisa. For nokre år sidan fortalde me i denne spalta om Norli Bokhandel i Oslo. Norli hadde plukka ut dei nynorske ungdomsbøkene og plassert dei i ei hylle som ein måtte leggja seg ned på butikk-golv for å finna. Hylla var tydeleg merkt med NY-NORSK, og ein viktig bokorm, mest truleg ein røykjar, hadde lagt til med tussj: DREPER!

Journalisten frå Framtida.no fann skuffande lite nynorskklitteratur på utstillingsplass. Etter å ha kjempa seg rundt stablar med kokebøker, over lag med hjerte/smerte og gjennom mørke bakgater med krim på alle kantar, kom ho omsider fram til dei obligatoriske hyl-lene med skjønnlitteratur. Der fann ho også nynorsk-bøkene. Dei finst altså, men ligg sjeldan på utstillings-plass.

Dersom Framtida.no hadde vore på Frogner (!), kunne eg ha forstått dette. Men journalisten hadde vitja bok-handlarar i Vindafjord, i Volda og på Stord. Stord, den største nynorskbyen i verda.

Under artikkelen på Framtida.no hadde ein lesar lagt til ein lakonisk kommentar: «Løysinga er enkel. Mål-folk må byrja å skriva lågkarbobøker ...» Eg gler meg alt.

### DIKTARVEGKONFERANSEN

Diktarvegkonferansen 2012 er i kjømda. 20. til 22. mars vert den fjerde konferansen i rekkja arrangert på Lofthus, og for første gong står tilskipinga på eigne bein. LNK-prosjektet Diktarvegen er slått saman med det interkommunale selskapet Fjordvegen, og det nye aksjeselskapet arbeider for tida med å få på plass det endelege programmet for konferansen. Alt no er det klart at både statsrådar, sentrale politikarar frå storting, fylkeskommunar og kommunar, kunstnarar og forfatarar tek turen til Hotell Ullensvang i mars.

## Diktarvegen Fjordvegen AS tek mål av seg til å verta den norske varianten av Route 66.

Målet med konferansen er å skapa eit handlekraftig nettverk av kompetansmiljø innafor kultur, næringsliv, kommunikasjon og offentleg forvaltning, på tvers av fylkesgrenser og tradisjonelle skiljelinjer. Dei fem forfatarorganisasjonane som til no har vore grunnstamma i prosjektet Diktarvegen, inviterer med seg ei rekkje andre kulturaktørar, kommunar og andre interesserte i det nye selskapet. Diktarvegen Fjordvegen AS tek mål av seg til å verta den norske varianten av Route 66.

Til no har prosjektet vore knytt opp mot vegen mellom Jæren og Sunnfjord. Etter konferansen vil Diktarvegen verta evaluert, og dei røynslene prosjektleiinga har gjort seg etter tre år, vil bli distribuerte til alle medlemskommunane i LNK.

### Deler ut 500 000 kroner til nynorske pressetiltak

Vinje fondet skal i 2012 dele ut minst ein halv million kroner til ulike nynorsk-tiltak innan pressa.

Vinje fondet prioriterer å støtte få, men større prosjekt, og det blir lagt særleg vekt på tiltak overfor redaksjonsmiljø med både nynorsk- og bokmålsbrukarar og miljø med berre nynorskbrukarar, heiter det i vedtektene. Tiltaka som får støtte, kan vere praktikanfordringar, praksisplassar for nynorskjournalistar, språklege tiltak og etterutdanning, og dei kan rette seg mot både fast tilsette journalistar, frilansarar og studentar.

Vinje fondet vart oppretta i 2009 og har sidan delt ut 1,3 millionar kroner til ulike tiltak. Framtida.no var ein av mottakarane dette året, nettavisa fekk 200 000 kroner til å engasjere ein reisande journalist i eitt år.



Illustrasjonsfoto (Stockexchange)

Det er Nynorsk kultursentrum som har fått i oppdrag av Kulturdepartementet å forvalte midlane i Vinje fondet. Søknadsfristen er 31. desember i år, og eit eige fagråd vil gje tilrådingar til styret i Norsk kultursentrum, som skal vedta løyvingane i januar 2012.

# Skattar fram i ljuset



NY REDAKTØR: Frå nyttår blir Svein Olav Langåker redaktør for nettsiden Magasinett.no. (Foto: John Bjarne Lium)

## Frå nyttår tek LNK og Framtida.no over ansvaret for ungdomsnettstaden Magasinett.no.

MAGNAR RIVELAND  
bladstova@lnk.no

Ungdomsnettstaden Magasinett.no, som særleg har fokus på kultur, litteratur, skriveglede og debatt, vart etablert av LNK og Noregs Mållag for 15 år sidan. Norsk Plan har hatt ansvaret for drift av nettstaden fram til no. Sidan starten har Magasinett.no bygd opp eit rikholdig arkiv av tekstar på nynorsk. Dette skal no meir fram i ljuset. – Arkivet til Magasinett.no er ei gullgruve. Det er produsert veldig mykje bra på 15 år, slår

prosjektleiar Svein Olav Langåker i Framtida.no fast. Frå nyttår har han også ansvaret for Magasinett.no.

Framtida.no er ei nynorsk nettavis for ungdom. Langåker meiner det er fornuftig at dei to nettstaden blir betre integrerte.

– Ein kan gjerne seia at Magasinett.no er ein nettstad for norskfaget i skulen, medan Framtida.no er tilpassa samfunnsfaga. Vi vil ikkje gjera store endringar på Magasinett.no i starten, men det er eit mål at nettstaden skal bli betre tilpassa til og meir brukt i skulen. Vi redigerer også nettstaden Lærarrommet (www.skule.origo.no), der lærarane kan få tips og råd om korleis dei kan ta i bruk Magasinett.no og Framtida.no i undervisninga. Vi håpar at ei tettare integrering av desse nettstaden vil gjera dei meir nyttige for skulane, seier Langåker.



UTSETT OPPSTART: Det planlaga barnebageprosjektet i regi av Norsk Bibliotekforening, LNK, Nynorsksenteret og Pirion er framleis i startfasen. (Foto: Viviane Stonoga)

## Utsett bibliotek-prosjekt

Travle tider gjer at arbeidet med å spreie meir nynorsk litteratur i barnehagane ikkje har kome skikkeleg i gang.

MAGNAR RIVELAND  
bladstova@lnk.no

I vår vart Norsk Bibliotekforening, LNK, Nynorsksenteret og Pirion samde om å starte arbeidet med eit prosjekt som skulle syta for at barnehagar rundt om i landet fekk meir litteratur på nynorsk. LNK-avisa har tidlegare presentert prosjektplanane, men status er altså at partane ikkje har starta arbeidet med prosjektet.

Nynorsksenteret har alt ei samarbeid med 10 barnehagar rundt om i landet. Senterleiar Anne Steinsvik Nordal fortel at arbeidet med prosjektet, som etter planen skulle presenterast på bibliotekkonferansen i Stavanger i mars neste år, ikkje har kome i gang som planlagt. – Nynorsksenteret arbeider etter oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet og er pålagt mange oppgaver.

Vi arbeider mykje og systematisk med nynorsk i opplæring på mange frontar.

Det har ikkje blitt tid til å kome i gang med dette prosjektet. Vi har prioritert andre oppgaver, seier Nordal.

Partane har verken fått starta samarbeidet eller søkt om støtte frå ulike kjelder. Anne Steinsvik Nordal understrekar likevel at prosjektet på ingen måte er skrinlagt.

– Prosjektet har stått på planen og blitt omsnakka lenge. Vi kjem sterkare tilbake, lovar ho.

# Rute 13 - vår Route 66?



## Har Fjordvegen Diktarvegen potensial til å bli ein norsk variant av Route 66?

Kven veit, men blant mykje anna interessant, så er også Route 66 med i programmet for Diktarvegkonferansen på Hotel Ullensvang 20.–22. mars neste år. Og det er parhustene frå programmet P.I.L.S. (populærmusikk ispedd litt sladder), Finn Tokvam og Bård Ose, som skal ta oss med på ein tur langs den kjende ruta. Konferansen elles vil sjølvsgatt i heilskap handle om Fjordvegen Diktarvegen (rv. 13) og korleis vi gjennom eit samarbeid mellom kultur, næring, kommunikasjon og offentleg forvaltning

KJEM: Finn Tokvam (bildet) og Bård Ose frå Populærmusikk Ispedd Litt Sladder (P.I.L.S.) på NRK kjem til konferansen i mars. (Foto: Finn Tokvam)

kan skapa eit nettverk som kan løfte fram både sjølvvegen, identiteten til vegen og kulturen og opplevingane langs vegen, slik at kvalitetane og moglegheitene som rv. 13 byr på, blir allment kjende.

Programmet for konferansen byrjar å ta form, og både statsrådar, sentrale politikarar frå Stortinget, fylkeskommunar og kommunar, kunstnarar, forfatarar og fleire andre kjem til konferansen. Det heile startar med ein innhaldsrik kulturkveld på hotellet tysdag kveld og vert avslutta torsdag etter lunsj.

Program og invitasjon blir offentleggjort og sende ut i midten av januar, men det er ingen grunn til å vente med å setje av datoane 20.–22. mars i almanakken.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no



Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:

Astrid Myran Aarvik, styreleiar

Laura Seltveit  
Rune Øygard  
Solfrid Borge  
Gunnar Strøm

Varamedlemer:  
Nils R. Sandal  
Olaug Grana

Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skapa positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

# Best på nett i 2011

**Porsgrunn kommune er kåra til Årets kommunale nettstad i Direktoratet for forvaltning og IKT si årlege kvalitetsvurdering av offentlege nettstader.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

– Tanken vår har vore å kutte fokuset på nyhende og auke fokuset på tenester, sa nettredaktør Thomas Naper frå Porsgrunn kommune då kommunen tok i mot utmerkinga frå fornyingsminister Rigmor Aasrud under Difi sin konferanse 1. desember. Naper peikte på at dei har funne mykje god inspirasjon til arbeidet gjennom bloggen ialloffentlighet.no.

## SEKS STJERNER

– Porsgrunn har hatt mot til å satse nytt, og behova til brukaren er sett i sentrum. Årets kommunale nettstad utmerker seg ved ei radikal omlegging av framsida, med tydelege inngangar til kommunen sine viktigaste tenester, meiner fagjuryen som har vurdert dei nominerte. Porsgrunn konkurrerte med Sørums og Trondheims om utmerkinga Årets kommunale nettstad.

Porsgrunn kommune fekk ein skår på 91 prosent og seks stjerner av seks mogelege for nettsatsinga si. I år var det færre kommunar som fekk seks stjerner. Dette skuldast eit strammare kriteriesett, og mange fylkeskommunar har rykka ned på grunn av dette.

## INSPIRASJON

Neste vinnar vart Økokrim, som fekk utmerkinga Årets statlege nettstad. Økokrim får mellom anna pluss i marginen for å gjere komplekse tema tilgjengelege på ein god måte. Juryen peikar på at nettstaden publiserer det meste av innhaldet både på bokmål og nynorsk.

– På den måten er nettstaden ei inspirasjonskjelde for andre offentlege nettstader, heiter det i grunngevinga. Økokrim fekk same skår som Porsgrunn: 91 prosent og seks stjerner. Dei nominerte til prisen for årets statlege nettstad var Økokrim, Utdanning.no og Stortinget.

Talet på statlege nettstader som innbyr til dialog, har auka det siste året. Det var også fleire statlege nettstader med i kåringa.

## TEIKNSPRÅK

Årets tilgjengelege nettstad vart Statens pensjonskasse. Dei får ros for å bruke eit enkelt og tilrettelagt språk og ha ein god og oversiktleg design. Dei er vidare ei av få nettsider som er gode på samisk, heiter det i grunngevinga.

Statens pensjonskasse får dessutan skryt for satsinga på teiknspråk og bruk av video som eit pedagogisk verkemiddel. Eit døme til etterfølging, seier juryen. Statens Pensjonskasse får ein skår på 77 prosent og fem stjerner.

## STORE SKILNADER

Den årlege kvalitetsvurderinga vurderer offentlege nettstader ut frå tilgjenge, brukartilpassing og innhaldsnytte, og sidene



**PRISDRYSS:** Onar Aanestad frå Statens pensjonskasse, Mie Skarpaas frå Økokrim og Porsgrunn kommune sin nettredaktør, Thomas Naper, fekk prisar for gode offentlege nettstader under den årlege kåringa. (Foto: Ole Jomar Moen, Difi.)

blir rangerte på ein skala frå ei til seks stjerner.

Nettstadene som har fått prisar, er ikkje nødvendigvis dei som har høgast skår; dei er også vurderte ut frå andre kriterium, mellom anna forbetring i høve tidlegare år. Best skår i 2011 fekk Sørums kommune med 98 prosent, den beste skåren ein nettstad har fått sidan vurderingane byrja i 2004.

I år vart 674 nettstader vurderte, og stjernefordelinga har vore rimeleg stabil samanlikna med 2010. Men det er framleis store skilnader i det offentlege netttilbodet, og 14 nettstader får 1 stjerne dette året.

Du kan sjekke stoda for din kommune på [kvalitet.difi.no/resultat](http://kvalitet.difi.no/resultat).

## VURDERING

Direktoratet for fornying og IKT vurderer kvart år offentlege nettstader ut frå kriteria tilgjenge, brukartilpassing og nyttig innhald. Nettstadene blir rangerte med 1 til 6 stjerner.

Det blir delt ut tre prisar: Årets kommunale nettstad, Årets statlege nettstad og Årets tilgjengelege nettstad.

- for deg som meiner noko

# MAGASINETT

**Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!**

[www.magasinett.no](http://www.magasinett.no)

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!**

# Brenn for ungdoms-politikk

**Han var berre tretten år då han gjekk inn i politikken. Nå er Erlend Bø student i Tromsø, har skifta parti og førebur seg på å skriva bok om ungdom, makt og meining.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND  
astrid@norsk-plan.no

– Kvifor bok?

– Eg vil formidla kva eg meiner er ungdomspolitik og ungdomsdemokrati, og kva som må til om ein skal nå fram som ungdomspolitikar, ut frå eiga erfaring som ungdomspolitikar.

Det er alt for lite fokus på ungdomspolitik i dei norske kommunane i dag, understrekar Bø. Sjølv er han vaksen opp i Flora kommune og har tre år bak seg som ungdomsordførar i ungdomsbystyret.

– Diverre er ikkje dette normal praksis i Kommune-Noreg, held Bø fram. Det finst per i dag ikkje offentlege definerte rettar for ungdomsråd eller ungdomsdemokrati.

Bø har allereie vore i dialog med Barneombudet for å få statistikk om situasjonen for ungdomsdemokratiet i landet. Han ynskjer også å koma i dialog med andre som sit med erfaring frå ungdomsdemokrati eller har noko å seia om ungdomspolitik. I boka ynskjer Bø å skildra alle former for engasjement og ungdomsdemokrati.

## UKULTUR

Som veldig ung politikar med store ambisjonar har Bø merka seg både inkluderings- og motstandsmekanismer i eige parti.

– Det er ikkje like enkelt som ein skulle tru, å gå inn i eit parti med ambisjonar om å få til endringar.

## – Kunst og kultur må koma fleire til gode

– Det har vore ei historisk satsing på kultur dei siste åra. Utfordringa i åra som kjem er korleis vi kan få fleire til å bruka kunst og kulturtilbodet som er bygd opp, seier kulturminister Anniken Huitfeldt.

Fredag la kulturministeren fram ei ny stortingsmelding om kultur. Den viktigaste budskapet der er at alle skal ha same høvet til å delta i kulturlivet.

– Eg er oppteken av korleis kulturen

Han har også gjort seg opp nokre tankar rundt kulturen i partiet han gjekk ut av.

– Eg har aldri skriva noko om den kulturen eg opplevde i FpU, fortel Bø, som legg til at han til tider har vanskar med å forstå kvifor han var med i nettopp dette ungdomspartiet.

– Medan eg ser på meg sjølv som ein ideologisk og liberal konservativ person, var det meir kultur for populismetenking i FpU. Han ser tilbake på nokre av dei politiske retoriske metodane som ganske stygge.

## MEIR MODEN

Erlend Bø trekte seg ut av FpU i februar i år og melde seg inn i Unge Høgre.

– Dette seier han om det politiske skiftet: – Ein filosoferer meir etterkvart som ein får meir erfaring og eldast litt, erkjenner han. Eg er nok meir moderat i dag trass min politiske ståstad som liberal konservativ.

For Bø har ungdomspolitik og ungdomsdemokrati vore kampsaker.

– Politikk handlar om å finna dei beste løysingane for innbyggjarane, understrekar han. Det skal ikkje berre vera kjekt å driva med politikk. Det er snakk om verkelege løysingar for verkelege menneske. Det er til dømes viktig for distriktskommunane å ha konkrete planar og mål for ungdom.

## FØREARBEID

Det krevst ein god porsjon fagleg bakgrunnskunne i tillegg til egne erfaringar når ein skal skriva ei bok. I tillegg til statsvitskapstudier er det difor kjeldarbeid det går mest i for Bø for tida.

– Julå går nok med til å utvida horisonten ytterlegare for å sitja på så brei bakgrunnskunnskap som råd før eg tek til med sjølv skrivinga, avsluttar han.

kan nå fleire, spesielt dei som i liten grad deltek i kulturlivet i dag, seier Huitfeldt.

For å få til dette blir det mellom anna foreslått å etablere egne formidlingsordningar for kultur både i arbeidslivet, i skulen og for barn og ungdom elles.

Mellom forslaga er ei prøveordning med kulturskuletilbod til elevar på barnetrinnet og ei prøveordning med opplevingskort til barn og ungdom frå familiar med låg inntekt. (©NPK)

**FØREBUR BOKSKRIVING:** Erlend Bø nyttar tida innimellom eksamensforebuing i Statsvitskap ved Universitetet i Tromsø til å lesa seg opp på kjeldematerial for å kunne skriva bok om ungdomspolitik. (Foto: Privat)



**Bli med i  
Fagforbundet!**



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserer vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi har for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.  
Send Fagforbundet medlem til 1980

**FAGFORBUNDET**



amtanke  
solidaritet  
samhold



GLADE BARN: Barna set tydeleg pris på å leike med Troll i ord. (Foto: GROM design)

# Troll i ord – eventyrleg språkopplæring

**Det nyutvikla språkopplæringsmateriellet Troll i ord er konstruert for å skape jubel i barnegruppa når pedagogen tek det ned frå hylla.**

MAGNAR RIVELAND  
bladstova@lnk.no

Troll i ord er utvikla av firmaet GROM design i Vaksdal i Hordaland. Det står både språkforskarar og designarar bak det fleirspråklege opplæringsmateriellet.

– Troll i ord er leikbasert språkopplæring, tilrettelagd for både norsk- og framandspråklege elevar. Målet vårt er at kassa som inneheld Troll i ord, skal vere som ei skattkiste og noko barna skal sjå fram til å få arbeide med, seier prosjektleiar Synnøve Tveito.

Skattkistene Tveito snakkar om, inneheld fargerikt, svanemerkt materiell som stimulerer til betre språkopplæring gjennom ei rekke aktiviteter.

Temaet for Troll i ord er eventyr, og målgruppa er barn i barnehagealder og i dei lågaste stega på grunnskulen. – Vi har laga ein læremiddelpakke som er basert på eventyret om guten som gjekk til nordavinden og kravde attende mjølet sitt. Denne inneheld, i tillegg til aktivitetane, også ei lærerrettledning og er særskilt tiltenkt barnehagar og skular.

Vi har også eit produkt som er basert på eventyret om bukkane Bruse. Dette er tiltenkt privatmarknaden, fortel Tveito. Troll i ord-kassene inneheld mellom anna eventyrhefte, figurar, ordkort, forteljarkort,

puslespel, lottospel, tilgang til nettstaden Trollskogen og mykje anna. Alt er laga for at pedagogen kan leggje opp til språkkonklusjonar med utgangspunkt i eventyra. Materiellet er førebels utarbeidd på begge dei norske målformene, somali, urdu, engelsk, russisk og polsk, men GROM ser føre seg at det med tida kjem fleire aktivitetar, fleire språk, fleire plattformer og nytt materiell basert på fleire eventyr.

– Vi held mellom anna på med å utvikle ein eigen app til iPad, og eige materiell til bruk på interaktive tavler er tilgjengeleg i Trollskogen. Dette kjem også på arabisk, fransk, tysk, spansk og kinesisk, og fleire språk er under utvikling.

Vi har også planar om å utvikle materiell som er basert på nye eventyr, gjerne eventyr som er originalskrivne på andre språk i andre land, seier Synnøve Tveito, som meiner at barn har stor nytte av Troll i ord enten dei har norsk eller andre språk som morsmål.

– Det er sjølvsagt eit viktig verkty for framandspråklege barn som skal lære seg norsk, men Troll i ord stimulerer til at barna må kommunisere for å løyse utfordringar. Det lærer alle av, og norskspråklege barn vil også måtte gjere seg kjende med framande bokstavteikn og ord på andre språk når dei leikar med Troll i ord. Då vil dei framandspråklege barna vere ekspertane, seier Tveito.

## TROLL I ORD

- Troll i ord blei lansert vinteren 2010/2011.
- Troll i ord er utvikla med støtte frå Utdanningsdirektoratet (læremiddelpakken) og Innovasjon Noreg (privatpakken).
- Meir informasjon om Troll i ord og demonstrasjon av den nettbaserte Trollskogen finn ein på [www.trolliord.net](http://www.trolliord.net)

## Fleirspråklege ressursar

**Jakta på beinet er ein digital læringsressurs som finst på hundespør.no.**

TOYNI TOBEK  
toyni@norsk-plan.no

Barna følgjer ein kvelp som har mista beinet sitt, og historia utfalder seg i fire ulike miljø: i skogen, på fjellet, ved sjøen og i lufta. Undervegs får barna utfordringar som knyter seg til fagområda matematikk,

samfunnsfag og norsk. I tillegg får barna opplest replikkar på det språket dei ønskjer: albansk, arabisk, engelsk, finsk, samisk, somali, tyrkisk og urdu, i tillegg til nynorsk og bokmål. Ein kan velje å høyre replikkane på ulike språk før ein går vidare.

I tillegg til Jakta på beinet finst det ei bok som heiter Kvalpen og eg. Mi fyrste skulebok. Her får barna bli med kvalpen inn i kvardagslege situasjonar på skulen, i naturen og i nærmiljøet. Boka legg opp til samtale og oppgaveløysing, og introduserer barna for ei rekke kvardagslege

omgrep. Boka finst i einspråklege utgåver, men også i tospråklege versjonar på albansk, arabisk, engelsk, kurdisk, nordsamisk, serbokroatisk, somali, tamil, tyrkisk, urdu og vietnamesisk.

Det er Margareth Sandvik (førsteamanuensis ved Høgskolen i Oslo), Lise Alant (førstelektor ved Høgskolen i Oslo) og Grom design som har utvikla Jakta på beinet og Kvalpen og eg.

# Varierande skuletilbod for asylsøkjjarar

**Norske kommunar gjev stort sett asylsøkjjarar den opplæringsstilbodet dei har krav på. Dei fleste fylka gjev også tilbod om vidaregåande opplæring til asylsøkjjarar, men det er store skilnader.**

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

Kommunekartlegginga tyder på at dei aller fleste asylsøkjjarbarna i grunnskulealder får grunnskuleopplæring, og at dei blir skrivne inn i skulen relativt raskt etter at dei har kome til mottak- og omsorgssenter.

Det er NOVA-forskarane Mira Aaboen Sletten og Ada I. Engebrigtsen som på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet har gjennomgått opplæringsstilbodet til asylsøkjjarar i norske kommunar og fylkeskommunar.

Kartlegginga viser vidare at det er relativt store skilnader mellom kommunane når det gjeld organisering av opplæringa for asylsøkjjarar. Asylsøkjjarar er både barn som søker asyl saman med foreldra sine, og einslege mindreårige asylsøkjjarar. Talet på asylsøkjjarar registrert i Grunnskolen informasjonssystem er omtrent det same som talet på barn som bur på mottak og i omsorgssenter.

– Det kan likevel sjå ut som om dekninga er noko lågare for asylsøkjjarar i ungdomsskulealder enn for asylsøkjjarar i barne- og skulealder, seier Mira Aaboen Sletten til Forskning.no.

Ho og Ada I. Engebrigtsen har intervju tilsette på omsorgssenter og mottak for å få vite meir om skuletilbodet. Dei fleste hadde gode erfaringar med skulane og PPT-tenesta og meinte at skuletilbodet til asylsøkjjarar er likeverdig med det norske barn får. Dei omsorgssenter- og mottakstilsette var likevel samde i at morsmålundervisninga og den tospråklege undervisninga er mangelfull.

Når det gjeld vidaregåande opplæring, er det store skilnader. – Mottaks- og omsorgssenterstilsette som blei intervjuet, fortalde at skuletilbodet til asylsøkjjarar i vidaregåande opplæring varierer mykje mellom fylka, og at det kan skape problem for mange unge når dei flyttar frå mottak til bustadkommune, seier Sletten.



PÅ SKULEN: Dei fleste asylsøkjjarar får den opplæringa dei har krav på. (Foto: Colourbox.no)

## Populært hefte om kropp og helse

**Vox sitt temahefte på nynorsk om kropp og helse kunne i år fått status som bestseljar, om det ikkje var for at det var gratis.**

MAGNAR RIVELAND  
bladstova@lnk.no

Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, Vox, har flytta til nye lokaler. I samband med flyttinga har dei tømt lagera. Bøker og hefte er selde til låge prisar eller delte ut gratis. Temaheftet om kropp og helse er utvikla til bruk i norskopplæringa for framandspråklege. Det er i stor grad innvandrarvinner som

sjølv har utforma heftet, og det er særleg retta mot deltakarar med kort skulegang frå heimlandet. Det har eit enkelt og lettforståeleg språk.

### MANGE KLASSESETT

Seniorrådgjevar Helga Arnesen i avdelinga for integrering fortel om stor interesse.

– Vi har sendt ut fleire hundre hefte. Mottakarane betalar berre porto. Interesse har ikkje berre vore frå dei som driv med språkopplæring, vi har også sendt heftet som klassesett til fleire vidaregåande skular med studieretning for helse- og omsorgsfag. Det enkle språket gjer at heftet høver godt også for dei, seier Arnesen og legg til at det framleis finst nokre hundre hefte att. Dei

kan tingast gjennom Vox si heimeside [www.vox.no](http://www.vox.no).

### NYNORSK NO!

Vox arbeider også med materiell for førstegangsopplæring i norsk. Eitt av satsingsområda er å få inn meir nynorsk, og i haust er tekstbok og arbeidsbok til læreverket *Nynorsk no!* lansert på Fagbokforlaget. Det skal også lagast lydbok til dette læreverket. I 2012 skal også *NorskPlus* for spor I gjevast ut på Cyberbook i nynorskutgåve. Denne læreboka skal ha ei arbeidsretta vinkling. *NorskPlus* er eit komplett læremiddel med ein omfattande nettressurs tilpassa Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar.

## PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon [www.pirion.no](http://www.pirion.no) eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)

**KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN**





**ALLSIDIG:** Musikar og forfattar Roald Kaldestad leia jubileumsframsyninga til Falturiltu i november og deltok som blekksprut i framsyninga Knølvalen Kai. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmealand)

# Barnelitteraturfestival treng meir blest

**Falturiltufestivalen er så bra at fleire burde kjenna til den. Det er tilbakemeldingane leiar i programkomiteen, Hege Myklebust, får frå deltakarar.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMEALAND  
astrid@norsk-plan.no

Falturiltu, den einaste nynorske barnelitteraturfestivalen i landet, vart skipa for femte året på rad på Stord i Sunnhordland i veke 45. For barnelitteraturforfattarar er festivalen på Stord blitt ein årlig samlingsplass. Diverre er ikkje interessa for barnelitteratur og formidling av denne stor blant dei store mediehusa, og Myklebust ser at dei framleis slit med å få spalteplass i dei regional- og landsdekkjande avisene.

Eit lysglimt var at VG gav terningkast seks til *Trøysteboka*, utgjeven av Skald forlag rett før festivalstart. *Trøysteboka* var ei av bøkene som sto på dagsordenen på festivalen.

– Ikkje akkurat kvardagskost med barnebokmelding i VG, men veldig gledeleg, seier Myklebust.

## IKKJE INTERESSANT NOK

I løpet av desse fem åra har Falturiltu byrja å bli ei kjend merkevare.

– Me merkar at festivalen byrjar å festa seg her lokalt, og me har deltakarar



**FESTIVALFORFATTAR:** Ingelin Røssland og bennar bøker om tøffe jenter er utgangspunktet for årets festivaltema, *Tøff i trynet*. Elevar ved Stord Vidaregåande skule har nytta temaet som utgangspunkt for kolleikningar og design av klede, moblar med meir. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmealand)

som kjem frå Bergen på seminar, fortel Myklebust.

Men ei av hovudutfordringane til Falturiltu er å bli kjend i resten av landet.

Myklebust har i løpet av dei fem åra dei har skipa Falturiltu, erfart at det framleis ikkje er lett å nå ut i media med eit

arrangement der barnelitteratur står på dagsordenen. Stoda for barnelitteraturforfattarar er i følgje Myklebust framleis ikkje haldbar.

– Forfattarar med fleire barnebøker på samvitte seier at dei opplever å bli pre-

senterte som debutantar når dei gjev ut si første vaksenbok, fortel Hege Myklebust.

## AKTIVITET DER FOLK ER

– Me har lært og erfart mykje i løpet av desse fem åra me har skipa festival, understrekar Myklebust. Ei erfaring er at me må

## FALTURILTU

Falturiltu er den einaste nynorske barnelitteraturfestivalen i landet. Vart skipa for 5. gong i år på Stord. Ei veke med forfattarbesøk på skule og i barnehagar. Arrangement for barn og ungdom i kulturhuset, Høgskolen Stord/Haugesund (HSH), museet, fritidsklubbar og på fotballbanen. Det har vore opne framsyningar for barn og vaksne, forfattarbesøk i skulen, barnelitteraturseminar, skrivekurs,

konsertar og framsyningar og utstilling av barneteikningar. I tillegg til festivalforfattar Ingelin Røssland deltok følgjande forfattarar: Asbjørn Rydland, Lars Mæhle, Atle Berge, Sigrid Merethe Hanssen, Hilde Myklebust, Erlend Flornes Skaret, Øystein Rosse, Erna Osland og Solfrid Sivertsen.  
[www.falturiltu.no](http://www.falturiltu.no)



ut der folk er. Dagane til folk er travle, og ei veke med arrangement blir i meste laget for innbyggjarane i eit lite lokalsamfunn.

I år vart fotballfesten dei skipa i samarbeid med Stord idrettslag og turn, ein stor suksess. I tillegg til fotballaktivitetar og kampar var forfattarane Atle Berge *Alle mann i forsvar* og Lars Mæhle *Keepere til Tunisia* til stades og las frå fotballbøkene sine.

## TILBOD TIL UNGDOM

Festivalen hadde i år Ingelin Røssland som festivalforfattar og temaet var *Tøff i trynet*.

– Temaet for festivalen heng saman med forfattaren, seier Myklebust. Medan nynorsk barne- og ungdomslitteratur gjerne har hatt ord på seg for å vera velskriven

og morosam og halde eit høgt litterært nivå, bringar Røssland sine bøker inn spennande, tøffe og provoserande tema med unge jenter som har både mot og styrke.

Grunna temaet og lesargruppa for festivalforfattaren vart det naturleg å inkludera mellom- og ungdomssteget i skulen som målgruppe og å samarbeida med den vidaregåande skulen for fyrste gong. Elevane på kunst- og handverkslina laga ulike kreasjonar med utgangspunkt i temaet, som vart stilte ut på kulturhuset på Stord. I tillegg deltok 35 lærarar frå mellom- og ungdomssteget på seminaret *Tøff i trynet* – litteratur og leselyst for ungdom.

Oppsummeringa av festivalen i år står att, men ein ting som er heilt sikker, er at det vert Falturiltufestival til neste år, avsluttar Myklebust.

## 150.000 kroner til redesign for ungdom

Ung Husflid har fått 150.000 kroner til frå Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjoner til å læra ungdom å sy nye klede av gammalt tøy.

Pengane skal brukast til å halda workshops i redesign i samarbeid med 4H og med den erfarne redesignaren Veronika Glitsch som fagleg ansvar, fortel Norges Husflidslag på

nettsidene sine.

Kor i landet kursa skal haldast, blir først klart på nyåret. Leiar for Ung Husflid, Elin Gilde Garvin håpar også andre husflidslag enn dei som er med i prosjektet får lyst til å skapa kreative løysingar av brukt tøy.

For å stimulera til det, vil Ung Husflid oppretta sin ein eigen blogg.

– Eg håpar prosjektet vil gje inspirasjon, både til yngre og eldre, seier Gilde Garvin. (©NPK)



**Jan Per Styve**  
Regionaldirektør i Hordaland fylkeskommune

## PÅ KOMMUNEVIS

### Klimaansvar i kommunane?

Klimaufordringa er ikkje over. Men ho er i ferd med å gå i gløymeboke. No er det tid for handling nedanfrå. Her kan kommunane spele ei viktig rolle. Det er tid for det jordnære klimaarbeidet.

### Klimaufordringa avgjer framtida

Ei framtidsstudie om såkalla megatrender bestilt av Det Norske Veritas peikar på to forhold som er avgjerande for kva framtid barnebarne og oldebarna våre får: Vår evne globalt til å takle klimaufordringa er den eine. Økonomisk utvikling og styring er den andre.

Økonomien er det mange som tar seg av. Men kven tar seg egentleg av klimaufordringa?

No har kommunane ein gyllen sjanse til å vise handlekraft og framtidsansvar!

### Er det over allereie?

For 2-3 år sidan sto klimaufordringa øvst på sakslista – i politikk, i media, i debattar og rundt kaféborda. Så vart det stilt – og dei fleste av oss lever som før. Er truselen over allereie? Var det nokon som snakka tydeleg om klimaufordringa i valkampen no sist?

Mange kommunar har vedtatt egne klimaplanar. Men følgjer det pengar og handling med?

Starting og regjering har sjølvsagt eit viktig ansvar. Men kan vi satse på at dei skal ordne opp?

### Grip tak i det jordnære

Kommunane kan no ta ei viktig rolle gjennom å mobilisera til klimainnsats nedanfrå. I staden for dei store debattane og skremselsbileta kan vi no gjennom kommunal satsing jobbe med dei konkrete nære innsatsområda. Det kan til dømes vere energieffektivisering, ladestasjonar for elbilar, arealplanlegging som reduserer transportbehova, avfallsortering og -reduksjon, senterutvikling som stimulerer til gåing og sykling framfor bilbruk, meir klimavennleg privat atferd i heimane – og mangt og mykje meir av jordnære og konkrete tiltak.

Slik kan den kommunale innsatsen verkeleg kome til å utgjere ein forskjell. Og slik kan ein skape eit klimagjensjement blant folk flest. Det er mange nye ordførarar og politikarar i kommunane. Dette må vere ei framifrå sak til å markere seg på.

### Rørosavtala 2012?

Det ser mørkt ut for ein ny internasjonal klimaavtale. Kanskje alternativet kan vere ein klimaavtale mellom norske kommunar? Røros kan vere ein fin møteplass for alle ordførarane i landet – der dei kan underteikne sin eigen kyotoavtale: Rørosavtala. Slik kan Noreg igjen bli eit føregangsland i klimaarbeidet. Med litt førebuing burde det vere muleg å få dette til før sommaren 2012. Er det nokon som tar ballen?



# I fleire formater

**Forfatteren Mette Karlsen har gitt ut to bøker i år. Og så har ho debutert som dramatiker.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Kvar einaste setning kostar, seier ho. På scena altså, og då snakkar vi også om at det kostar pengar. Fleire ord, lengre sekvensar, fleire folk på scena, meir lys. Det er ei rekkje av hendingar som følgjer orda på teateret. I ei bok blir det berre fleire sider av fleire ord. Litt meir papir. På scena kostar orda meir.

Teaterstykket *Plass* byrja med debutromanen hennar *Vindauga i matsalen vender mot fjorden*. Men det blir feil å seie at *Plass* er ei dramatisering av denne boka, seier Karlsen. Heilt feil. For om det starta med romanen, så passa han likevel ikkje inn i teaterforma. Når du skriv for scene, må du skrive på teateret sine premissar, forklarar ho. Då er det andre omsyn å ta, som til dømes den nemnde økonomiske logikken.

Ho brukte mykje tid på å rasjonalisere orda, vurdere dei, kjenne på dei: Var dette noko ein skodespelar kunne seie? Vart det rett slik? Det var viktig å finne noko som levde i replikkane.

– Eg sat med skodespelaren på skuldra og skreiv, seier ho.

Undervgs i prosessen fekk ho Jon Fosse med som mentor. Dei gjekk på teater, snakka om teater, møttest som venner. Berre det å tilbringe tid med han var lærerikt, seier ho.

– Han har lært meg å ha ein fot på jorda og ein hos dei folk eg er glad i. Han er oppteken av det nærmaste, av det som er viktig.

Det var litt svimlande å jobbe med Fosse. Ho er redd for at ho ikkje fekk med seg så mykje som ho burde. Men *Plass* gjekk frå å vere eit relativt tjukt manus til å bli eit krese utval av ord. Stykket hadde premiere på Dramatikkens hus i november. Skodespelarane og regissoren vil søkje om å få reise med stykket til ungdomsskular via Den kulturelle skulesekken.

Så har ho gjeve ut bok i haust og fått ein Brageprisenominasjon for ho. Boka *Bli Björk* er ein impresjon over Island, i følgje Mette Karlsen.

– Det begynte med Island, denne tynne skorpa av jord og det som er under, som er så nære livet. Det er under denne skorpa at krafta blir danna. Eg liker det.

I dette biletet har også den islandske popartisten Björk, men kanskje først og fremst far hennar, funne seg plass. Då Karlsen fann ut at far Gudmundur Gunnarson var elektrisk, son av ein elektrisk og den første fagforeiningsmannen på Island, fekk ho eit ønske om å gje dei rom i romanen, gjere dei til ein del i historia. Men å skrive verkelege, nolevande menneske inn i ein roman er ikkje berre uproblematisk.

– Eg fekk ei etisk skrivesperre, forklarar ho. Så ho ringte til Gunnarson til slutt og spurde «Er det greitt, kan eg skrive om deg?»

– Det var greitt, men då måtte eg kome til Island og snakke med han der.

Kritikarane skriv ting som «usedvanlig vellykket romanbiografi» (Cathrine Krøger i *Dagbladet*), «hardt arbeid, men verdt strevet» (Knut Hoem, *Kulturmytt*, NRK), «et storslått epos om sammenvevingen av et folk» (juryen i Brageprisen) om *Bli Björk*. Mykje merkeemd vart det, sjølv om ho ikkje fekk prisen. Noko av merkeemda knytte seg til eit oppslag i *Dagbladet*, der avisa gjer vesen av kva popartisten Björk synest om å bli ein del av ein roman utan å vite at ho var med i den. Ein diskusjon Karlsen ikkje er så fornøgd med. Det har aldri vore hennar prosjekt å portrettere korkje Björk eller faren, sjølv om ho går inn i hovudet deira og tenkjer tankane deira på trykk. Ho er glad for at kritikarane ser ut til å ha fanga opp at ho ikkje er

ute etter å avsløre privatlivet til Björk. Det er ikkje det boka handlar om.

– Men er det sant, det du skriv om dei?

– Det er ein roman.

I boka valde ho å bruke andrepersonforteljar for det han er verd. For å skape ein avstand til det intime og private, det ho ikkje kan gå god for eller utlevere.

– Eg er glad for at Tomas Espedal fekk Brageprisen. Det han skriv om, kjem av det han er oppteken av, og det handlar om han sjølv.

– Eg må få nokre fleire år på baken, så kan det vere at eg og skriv privat og utleverande. Men då må det handle om meg sjølv, ikkje om andre, ikkje om noko som skjer i eit anna land, seier ho.

Ei slik utlevering, ein slik roman; for å skrive han må ein leite fram nokre tabu i seg sjølv.

– Kva er det sannaste eg kan seie om meg sjølv som andre ikkje har sagt? Kor er min plass i den litterære offentlegheita?

Å skrive *Bli Björk* var ein lang prosess. Teaterstykket *Plass* heldt ho på med i tre år. Samstundes skreiv ho den 400 sider store sakprosaboka *Post Oske*, som kom ut i vår. Også denne hentar stoffet sitt frå Island. Undervgs har det vore andre prosjekt også, mellom anna som vikar- og fri-lansjournalist for *Dagens Næringsliv*, *Morgenbladet* og *Dagsavisen*, og som spaltist hjå *Magasinet*. Ho sit i styret til Den norske Forfatterforening, i styret i Samlagsklubben, som koordinator for nettverket til Red Cross Nordic United World College, og ho er

nettredaktør på forfatterforeninga sine heimesider. I fjor tok ho eit årskurs i å skrive dramatikk. Å kjøre så mange parallelle løp tek på, seier Karlsen, og ho bruker mykje tid på å hente seg inn. Spesielt dei store skriveprosessane krev nærvær og rom. Å leggje vekke eit arbeid for å ta til på eit anna er ikkje berre uproblematisk. Det er krevjande å kome inn i det ein gjer, når ein skal ta arbeidet opp att. Og samtidig kan ein pause gjere godt for eit skrivearbeid. Det kjem nye tankar til når tida går.

Med boka *Bli Björk*, Bragepris-nominasjonen og tildelinga av Sigmund Skard-stipendet tidlegare i haust har det blitt ein del merkeemd om Mette Karlsen og personen hennar.

– Eg har ei 60 år gammal venninne som meiner at eit kurs i medietrening ville gjort mykje godt for mange forfatterskap.

– Eg har ei 60 år gammal venninne som meiner at eit kurs i medietrening ville gjort mykje godt for mange forfatterskap.

– Er du einig i det?

Ho smiler, på ein litt streng måte.

– Eg har blitt meir synleg. Eg er med på det, og eg aksepterer det.

Ho synest likevel det er greitt å reindyrke rollene, la forfatteren vere forfatter og la forlaget ta seg av pressarbeidet. Det er boka som er det viktigaste.

– Boka skal stå i bokhylla i mange hundre år. Avisar er gammal i morgon.

Det er stor skilnad på offentlegheita og den litterære offentlegheita. Det må vere grenser mellom det private og det offentlege, og vi har ein veldig sober offentlegheit her i landet – med nokre tabloide unntak. Den litterære offentlegheita, derimot, er grenselaus, meiner forfatteren.

– Det er den plassen i landet det er reell yringsfridom, og her er det rom for det private og intime.

No nærmar det seg slutten på året 2011. Det året det smalt i Oslo og på Utøya. Karlsen har skrive om det, og ho tenkjer på det. Det går bra, akkurat no. Vi er på opptur, som ho seier, vi sit her med julemiddagane våre og den gode tida vi går i møte.

– Men eg lurar på korleis det skal gå med oss etter jul.

Det er så mykje som har skjedd etter 22. juli. Det er mange som er redde. Men ho er trygg likevel.

– Måten styresmaktene reagerte på, viser at leiarane heilt øvst heller ikkje er skjøre, seier Mette Karlsen.

## SJØLVMELDING

**Namn:** Mette Karlsen

**Alder:** 33

**Bur:** På Oskar Braathens Plass, Oslo

**Sivil status:** Ugift

**Aktuell:** Debuterte nyleg som dramatiker, og var nominert til Brageprisen for romanen *Bli Björk*

**Les:** Nett no: *Hvit Tiger* (Aravind Adiga). Eit meir langsiktig prosjekt/ ligg på nattbordet: *Paal Helge Haugens Kvartett*

**Høyrrer på:** Active Childs «You are all I see», PJs «Let England shake», Destroyers «Kaputt», Panda Bears «Tomboy» og dei siste av Deerhoof.

**Førebilete:** Mange folk gjer noko eg liker. Liker dei som står på sida til dei svake, som er venner i motgang, veit kva dei vil og gjer det, eller er ujalte og sympatiske.

# Nøgde med barnehagekampanje

**Noregs Mållag har hatt barnehagekampanjen «Gjennom ord blir verda stor» gåande sidan i fjor vår. I oktober og november hadde dei kampanjeveker.**

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

– Vi hadde faktisk ikkje så høg aktivitet under kampanjeveke, men viss vi ser hausten under eitt, har vi vore på besøk i mange barnehagar, fortel informasjonskonsulent i Noregs Mållag, Hege Lothe. Ho har hovudansvaret for «Gjennom ord blir verda stor».

Denne hausten har det vore mållagsleiar Håvard B. Øvregård, Hege Lothe og styremedlemmene Jens Kihl og Terje Kjode som har teke seg av dei fleste barnehagebesøka i regi av Noregs Mållag.

– Eg blir teken veldig godt imot i barnehagane. Eg opplever at dei tilsette er opptekne av og flinke i språklæring og språkstimulering, men at dei ikkje har blitt gjort medvitne om nynorsk-bokmåltematikken. Dei tilsette er glade for at



**GOD MOTTAKING:** Mållagsfolka har opplevd å bli tekne godt i mot i barnehagane dei bar besøkt. Her er mållagsleiar Håvard B. Øvregård i Haugen barnehage i Knarvik. (Foto: Livar Aksnes, Strilen)

vi gjer dei merksame på dette, uttalte Øvregård til LNK.no i november.

– Vi er nemleg opptekne av at nynorske bøker skal lesast på nynorsk, og at barna også skal lære seg songar og regler på nynorsk, held han fram.

I løpet av tida sidan oppstarten av barnehagekampanjen har tilsette og

tillitsvalde i Mållaget og representantar frå lokallag vore innom godt over 100 barnehagar.

Kampanjen skal vere ferdig til landsmøtet i Oslo i april.

– Vi får stadig nye avtaler med barnehagar på plass, og det er veldig kjekt. Nå i desember skal vi mellom anna til Gvarv i

Telemark, Stavanger og Naustdal i Sogn og Fjordane, seier Lothe til LNK-avisa.

– Korleis er Mållaget nøgde med barnehagekampanjen så langt?

– Vi er veldig nøgde. Vi opplever at vi i Mållaget sentralt og dei ute i lokallaga får snakka både med foreldre, byråkratar, barnehagetilsette og politikarar. Folk er veldig positive til kampanjen både i bokmåls- og nynorskområde. Sjølv i dei tjukkaste nynorskområda er det naudsynt å snakke om nynorsk språkstimulering, fordi barnehagane har eit så stort bokmålstilfang, seier Lothe.

– Å reise rundt i barnehagar har blitt ei positiv oppleving for mållagane våre, sidan dei blir tekne så godt i mot rundt omkring, legg ho til.

Informasjonskonsulent trur ikkje Mållaget si satsing på barnehagar er over etter landsmøtet i april neste år.

– Det forundrar meg om Mållaget vel å leggje bort dette arbeidsfeltet. Det blei vedteke eit treårig program for satsing på barn og unge på landsmøtet i år, derfor trur eg kampanjen vil halde fram, men kanskje ikkje i same form som i dag, sluttar Lothe.

## SITATET:

– Det er da også en meget krevende øvelse å peke på det som gikk galt før, under og etter 22. juli-katastrofen uten samtidig å utpeke de ansvarlige for dette.

Harald Stanghelle, politisk redaktør i Aftenposten



PÅ TV: Vaffelhjarte vil bli vist i doble episodar i romjula. (Foto: NRK/Handout)

## Meir Vaffelhjarte i jula

**Fekk du ikkje med deg alle episodane av Vaffelhjarte? Det blir råd å sjå dei på nytt i jula.**

ANITA SVENDHEIM/TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

TV-serien basert på romanen til Maria Parr har gått over sju fredagar i haust, og serien har hausta mykje

skryt. Dei første episodane hadde opp mot 200 000 sjåarar.

Vaffelhjarte er filma på øya Runde i Herøy i Møre og Romsdal. Simon Voldsund frå Herøy og Dagni Myrene frå nabokommunen Ulstein spelar hovudpersonane Trille og Lena i serien.

Med seg på laget har dei erfarne skodespelarar som Nils Sletta, Anne Marit Jacobsen og Odd Nordstoga, der sistnemnde i tillegg har laga musikk til serien.

Forfattar Maria Parr har ikkje sjølv vore med og utforma serien, og ho meiner det har vore viktig at NRK har hatt stor fridom til å skape serien på egne premisser.

– Eg las gjennom manuset og var litt med på førehand, men elles har det vore opp til NRK og regissør Atle Knudsen, sa Parr til Lnk.no tidlegare i haust. Ho synest at NRK har klart å ta vare på dei viktigaste elementa i boka. Parr understrekar også at ho er glad for at barna i serien snakkar dialekt.

### Berre halvparten av yrkesfagelevane er nøgd

Nesten alle lærlingar er motivert for å lære på arbeidsplassar, men berre halvparten av dei er nøgd med skuleopplæringa, viser undersøking.

95 prosent av lærlingane er motivert for å lære på arbeidsplassen, viser lærlingundersøkinga som er gjort av Fafo og Nifu på oppdrag for Utdanningsdirektoratet.

Skuleopplæringa dei fekk som førebuing til læretida, er berre halvparten nøgd med.

– Yrkesopplæringa har heilt opplagt nokre manglar, seier kunnskapsminister Kristin Halvorsen (SV) til Klassekampen.

Prosjektleiar for lærlingundersøkinga, Torgeir Nyen ved Fafo, trur Kunnskapsløftet er ein årsak til at så mange er misnøgd med yrkesskule.

– Kunnskapsløftet har introdusert veldig breie yrkesfag. Eg trur det kan medverke til at elevane ikkje kjenner seg godt nok førebudd til læretida, seier Nyen.

95 prosent av lærlingane er motivert for å lære på arbeidsplassen, men berre 59 prosent av dei er motivert for å lære på skulen. Halvorsen viser til at mange som vel yrkesfag er skuleleie i utgangspunktet, uansett kvalitet på skulen, og at motivasjonen difor er stor for å kome seg ut i praksis og inn i arbeidslivet. Ho vil difor gjere skuletida meir praktisk.

– Blant anna har vi sett i gang ei forsøksordning med praksisbrev, der elevane kan vere fire dagar i praksis i bedrift og ein dag på skulen, seier Halvorsen. (©NPK)



Jan Olav Fretland

Førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

## SPRÅKRÅD

### Varsam i horisontalkurvane!

Eg arbeide med eit oppdrag for Statens vegvesen her om dagen. Dei lanserer eit større program for å gjera språket sitt enklare og klårare, og eg skulle hjelpa til med nokre velvalde ord. Det gjaldt vegvesenet på Vestlandet, så eg sette meg og las overskriftene i alle utgåande brev frå Region vest ein bestemt dag. Resultatet var ikkje uventa: Her er mykje ingeniørar og andre praktiskarar, så det var lite skoddepreik. Derimot finn me mange som er opptekne av yrket sitt og fagorda sine, så eg samla meg ein bra dunge med vegord, til dømes: kilometringsstolpar, sandfang og køyresterk rist, stoppsikt, frisikt, kryssikt, siktretkant, sikt-sone, fullkanalisert kryss, avrundingsradius, kurvatur, gradient, ein lokalitet, prosesskode, rekverent, tilredelse, forhåndstiltredelse. Eg måtte minna om at ikkje alle desse er like enkle for oss lekfolka. Men dei er klar over problemet og prøver å bøta på det med forklaringar. Ofte går det bra, men ikkje med denne forklaringa på horisontalkurvatur: Veglinjas geometriske element i horisontaltraséen. Språkskoda lettar ikkje etter den forklaringa.

**På eitt område** er Vegvesenet med og forkvklar verda, forkortingar er nemleg deira spesialitet. På eit kurs eg heldt, høyrde eg det var mykje snakk om ein KVV i ein pause, og så begynte me å samla opp: PP er planprogram, KU er konsekvensutgreiing, KVV er konseptvalutgreiing, som fører fram mot KS1, for den del, og ALM. Og sjølvsgatt må me hugsa på ta med hp, hb og faktisk også bh når me skal herja på SVEIS. Kanskje bør me drafta meir kva som skal brukast av HMS, HMT eller SHA? Og utgangspunktet er jo som alle oppgåande menneske veit, NTP, men så gjeld lovverket, det er PBL. Kva slags KU-ar trengst i høve til PBL, bør me kanskje inngå i eit OPS, som tyder Offentleg privat samarbeid? Kva PPP er, fann eg ikkje ut: perverse planprosjekt eller puslete prosjekteringsplanar?

**Men eg oppdaga** òg noko gledeleg då eg saumfor tekstane frå Region vest. Dei har eit uvanleg godt verktøy som dei andre i Vegvesenet ikkje har, nemleg nynorsken! Her er eit døme på plettfri folkeleg, konkret og tydeleg formidling:

Vi viser til søknaden dykkar, datert 27.04.2010. Søknaden gjeld legging av høgspennet kabel langs rv. 13 hp. 1 frå km 0,000 til ca. km 0,980. De ønskjer å leggje kabelen 1,5 m til 2 m frå asfaltkant, med overdekning 0,5 m. Vi viser og til felles synfaringar ...

Ved synfaringa vart det vist i terrenget kor de ønskjer å legge kabelen. Frå vår side gjorde vi det klart at vi kan godta at kabelen kan leggst i veggrensa, som her er 3 m, og at kabelen då skal ha 0,8 m overdekning.

Slik skriv ein offentleg tilsett som tenkjer på mottakaren. Eg blir freista til å minna om det den berømte forfattaren James Joyce skreiv ein gong: «Det er med ord som med solstrålar: Di meir me konsentrerer dei, di djupare brenn dei.» Nynorsken er nyttig når du vil brenna djupt.

Sunnhordland  
MEDIEHUSET

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærrområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på

Ledig stilling

i toppmenyen

sunnhordland.no

17.500\*  
unike brukarar  
169.000\*  
sidevisingar

\* I snitt pr. veke



Mot til å meina

# Suksess i Sauda

**I Sauda meir enn dobla dei valdeltakinga blant ungdommar under 26 år i lokalvalet denne hausten. Heile 81,7 prosent under 26 år valde å nytte røysteretten sin. Det er det prosjektet Mot til å meina som har skulda for.**

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

– I Sauda har det blitt jobba systematisk i skule, kommune, lokalavis og i parti for å auke valdeltakinga blant dei unge. Det trur eg er årsaka til suksessen, seier prosjekt-leiar for Mot til å meina, Einar Schibevaag, til LNK-avisa.

– Det er også viktig å ha med engasjerte menneske som brenn for å få ungdommen med, legg han til.

Mot til å meina er eit treårig prosjekt i regi av kommunane Hjelmeland, Sauda og Time, som hadde som hovudmål å motivere ungdommar til å bidra med kunnskapane sine i partiarbeid, stille til val, bli valde inn i kommunestyra og få posisjonar i politiske fora. Prosjektet blei avslutta med valet nå i haust. I desse dagar blir siste hand lagt på slutt rapporten for prosjektet.

– Korleis har de lukkast i høve målsetjinga til prosjektet?

– Vi har lukkast veldig bra i høve til den prosentvise veksten av unge under 26 år som har nytta røysteretten. Det blei også langt fleire unge på nominasjonslistene til dei kommunane som ved tidlegare lokalval hadde få, seier Schibevaag.

## BLEI ENGASJERTE AV PROSJEKTET

I ungdommar frå Strand, Bryne og Sauda vidaregåande skular var med i kjernegruppa til prosjektet. Desse elevene har i løpet av dei tre åra vore med på fleire samlingar rundt om i landet, i tillegg har dei også vore arrangørar av to store konferansar, ein i Stavanger i 2010 og ein i Oslo sist vinter.

Ungdommane i kjernegruppa uttaler sjølve i slutt rapporten:

– Mine erfaringar frå Mot til å meina er først og fremst at det ikkje alltid er ungdommane som er dei vanskelegaste å få med, tvert imot er det ofte vanskelegare å få vaksne til å engasjere seg i denne saka, er noko av det Elise Heng Steen frå Jørpeland seier.

– Eg synest Mot til å meina har vore eit interessant prosjekt, og eg har lært ein del av det. Det har vore både morosamt og utfordrande, og rett og slett ei oppleving, seier Anja R. Pettersen frå Sauda. På grunn av prosjektet blei ho engasjert til å stille til val og blei også vald inn i kommunestyret i Sauda.

Roy André Øvrelid Tungland-Knudsen stilte til val i Strand kommune. Han uttaler at prosjektet har gjort han klarare når det gjeld politisk standpunkt. Britt Mari Engeskar frå Suldal blei vald inn i kommunestyret i heimkommunen.

– Det blei ein annan inngang i politikken si verd. Noko som verka grått og keisamt, blei fort til noko anna – at meininga mi



**VALD INN I KOMMUNESTYRET:** Anja R. Pettersen fekk vekt sitt politiske engasjement gjennom prosjektet Mot til å meina og blei vald inn i kommunestyret i Sauda i haust. Her har ho eit innlegg under Mot til å meina-konferansen i Oslo. (Foto: Elin Moen Karlsen, Norsk Plan)



**AKTIVE OG ENGASJERTE:** Roy André Øvrelid Tungland-Knudsen og Britt Mari Engeskar leia begge Mot til å meina-konferansane. Dei har også vore aktive med bloggskrivning for prosjektet, og begge stilte til val i heimkommunane sine i haust. (Foto: Elin Moen Karlsen, Norsk Plan)

betyr noko, og at eg kan gjere ein forskjell, seier ho i rapporten.

## – TA UNGDOMMENE PÅ ALVOR

I løpet av dei tre åra blei det budsjett med utgifter på vel fire millionar kroner. Den økonomiske delen av slutt rapporten var ikkje klar då LNK-avisa gjekk i trykken. I tillegg til dei tre deltakarkommunane er det fleire som har gjeve midlar til prosjektet. Mellom anna har fleire fylkeskommunar vore med, det same har Ryfylkefondet, privat næringsliv, Jærmuseet, Landslaget for lokalaviser (LLA) og LNK.

Prosjektleiar Einar Schibevaag har fått ein del viktige påminningar i løpet av prosjektperioden.

– Veldig mange politikarar og folk i kommuneadministrasjonar er i for liten grad opptekne av å jobbe for å få ungdommar meir engasjerte og av å ta ungdommar på alvor. Dei omtaler dette i 17. mai-talar, men når det kjem til praktisk politikk, er det ikkje så vektlagt, seier han.

– I departement, kommunar og fylke er dei i altfor stor grad opptekne av den tekniske gjennomføringa, at alt skal gå fore seg på lovleg vis, men dei skapar ikkje arenaer for å få dei unge til å vere med og bidra, held han fram.

– Kva lever vidare etter Mot til å meina-prosjektet?

– Først og fremst er det viktig å peika på at det må jobbast kontinuerleg med å auke det politiske engasjementet blant dei unge. Viss vi lukkast med å få dei unge til å begynne å røyste tidleg, er det mindre sjanse for at dei droppar å nytte røysteretten sin seinare. Elles, så kan kommunar og skular nytte seg av materiell vi har utarbeidd i løpet av prosjektperioden, mellom anna undervisningsopplegg og slutt rapport, svarer Schibevaag.

## RESULTAT AV PROSJEKTET

Ved lokalvalet denne hausten var det åtte unge under 26 år som stilte til val i Sauda kommune og Hjelmeland kommune, medan det var 15 unge kandidatar i Time kommune. Totalt stilte altså 31 kandidatar til val i dei tre kommunane mot 23 ved førre kommunestyreval. Det betyr ein vekst på 34 prosent. I Sauda blei to av dei unge kandidatane valde inn, medan ein ungdom fekk plass i kommunestyret i Hjelmeland. I kommunestyret i Time er det ingen representantar under 26 år dei neste fire åra. I alle dei tre kommunane er det fleire varapersonar under 26 år.

I løpet av dei tre åra har det også blitt gjennomført fleire kartleggingar i regi av Mot til å meina-prosjektet, både lokalt og nasjonalt. Desse kartleggingane har hatt som mål å finne ut av ungdom sitt politiske engasjement. Mot til å meina har også hatt samarbeid med nettstedene Framtida.no og Magasinett.no. På tampen av prosjektperioden og like før lokalvalet blei også nettstedet Førsteval.no oppretta i regi av Mot til å meina. Dette var ein Facebook-basert kampanje, som hadde som mål å nå unge under 26 år og få dei til å nytte røysteretten sin.



Språkprisen er ein del av Årets nysgjerrigper. Her er tidlegare nysgjerrigperar på besøk i ein reptilpark. (Foto: Nysgjerrigper.no/Knut van der Wel)

# Språkpris til barn

## Forskringsrådet og Språkrådet har oppretta ein eigen språkpris for barn.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

– Språkinteresse og språkglede til barn fortener ein eigen pris, meiner direktør i Språkrådet, Arnfinn M. Vonen.

Språkprisen er på 5000 kroner, og han er ny frå dette skuleåret av. Føremålet med prisen er å stimulere til nysgjerrighet kring språk og språkbruk.

Denne prisen er ein del av Årets nysgjerrigper, eit tiltak starta av Forskringsrådet i 1990 der om lag 2000 barn deltek årleg. Barna og lærarane deira utviklar prosjekt basert på emne dei ønskjer å finne ut meir om, og melder desse prosjekta inn i konkurransen Årets nysgjerrigper. Alle som deltek, får diplom og tilbakemelding frå juryen, og ti prosjekt vinn prisar på

5000 kroner. Den nye språkprisen blir ein spesialpris innafor Årets nysgjerrigper. – Alle barn er jo naturlege språkforskarar, så eg trur prisen vil bidra til mange spennande rapportar i Årets nysgjerrigper 2012, seier fungerande prosjekt-leiar i Nysgjerrigper, Knut van der Wel, til Nynorsk pressekontor.

Jurykriteria for prisen er slik: «Nysgjerrigers språkpris vert delt ut av Språkrådet. Prisen går til eit prosjekt der eit språkleg emne vert utforska. Emnet må ha tilknytning til norsk språk eller forholdet

mellom norsk og andre språk. Vi brukar språket i all slags situasjonar; anten vi les, skriv eller snakkar. Namn på personar og stader, slang og dialektar, språk og teknologi er berre nokre dome på emne som kan utforskast. Utfordringa er å vise korleis ein skaffar kunnskap om språket og bruken av det.»

Leveringsfrist for prosjekta er 1. mai 2012, og språkprisen blir delt ut i juni 2012.

# Prisar godt namnevett

## Ti verksemder i Sør- og Nord-Trøndelag får diplom for å ha valt seg gode og kreative norske namn.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

I følgje Språkrådet syner du godt namnevett mellom anna når du vel norsk framfor andre språk, praktiserer norske skrivereglar, nyttar ord frå lokal tradisjon og tek i bruk fantasi og humor.

Dei ti som fekk diplom i år, heiter: Bærrø Lækkert, Melhus (dameklede) Brød & Cirkus, Steinkjer (restaurant) Form til fjells, Røros (designbyrå) Fritt Spillerom, Steinkjer (musikk, dans og tekstskriving) Kuleramma, Steinkjer (rekneskap) Nattergalen Bar og Kjøkken, Trondheim (restaurant) Oss tålløst Kaffebar, Oppdal (kaffibar) Reinhekkla, Fannrem (tekstilar, bunader m.m.) Rørosrypan, Røros (dameklede) To Rom og Kjøkken, Trondheim (restaurant)

– Desse gode bedriftsnamna er bevis på at norsk språk duger til alt, også i næringslivet. Språkleik på norsk er ein god medisin mot bruken av engelsk i reklame i Noreg, seier direktør Arnfinn Muruvik Vonen til Sprakrad.no. – Bedriftene er svært viktige språkbrukarar. Når ei bedrift – stor eller lita – tek eit godt og kreativt norsk namn, er det med på å styrkje stillinga til det norske språket i samfunnet.

Språkrådet deler ut diplom for godt namnevett i eit fylke eller ein landsdel kvart år, og i år var altså turen kome til trøndelagsfylka.

## Gjerstad er den mest effektive kommunen

Gjerstad kommune i Aust-Agder blir driven mest effektivt av alle kommunar i Noreg

– Lojale tilsette er ein av grunnene til at kommunen kan drive godt med stram økonomi, seier ordførar Kjell Trygve Grunnsvoll til NRK. Av alle kommunane i landet er det Gjerstad som får mest kommunale tenester ut av pengane, viser tal frå bladet Kommunal rapport. På botnen av lista ligg Sirdal.

Ordføraren fortel at Gjerstad kommune har lært seg å leve med ein stram økonomi.

– Vi har investert mykje dei siste åra og har mykje gjeld. Det strammar inn driftsrammene våre, så vi må tilpasse oss den nye kvardagen. Blant anna har vi sett nærmare på sjukefråværet dei siste åra og det er på veg ned, seier Grunnsvoll. (©NPK)

Nederst i skjemaet



**Jan Ove Tryggestad (Sp)** er ordfører i Stranda kommune.

Stranda kommune ligg ved Storfjorden på Indre Sunnmøre og grensar til Sogn og fjordane fylke, Oppland fylke og kommunane Sjøk, Norddal, Stordal, Sykkylven og Ørsta. Kommunen sitt areal er om lag 867 km<sup>2</sup>.

Stranda kommune omfattar bygdelaga: Geiranger (250 innbyggjarar) Hellesylt (680 innbyggjarar) Liabygda (260 innbyggjarar) og kommunesenteret Stranda med 3500 innbyggjarar

Du kan koma deg til og frå kommunen via buss-samband med Ålesund, Bergen, Oslo og Trondheim, fly frå Ålesund lufthamn Vigra og med tog frå Åndalsnes.

Stranda kommune har mykje flott natur. Her kan du frå fjelltoppar nyta synet av den djupe fjorden langt der nede så vel sommar som vinter. Kvar år i slutten av februar vert Alperittet skipa. Rundt to hundre deltakarar deltek i rittet, som er på 6200 meter frå tind til fjord.

I løpet av 1-1½ time med bil kan du med utgangspunkt i Stranda sentrum besøkje desse attraksjonane:

- Ålesund (jugendby, akvarium)
- Runde (fuglefjell)
- The Golden Route (Geiranger-Ørnevegen-Trollstigen-Åndalsnes)
- Romsdalen (fjellklatring)
- Molde (jazzfestival, Bjørnson-festival)
- Strynefjellet (sommarskiser, brevandring på armar av Jostedal-breen)



#### Ordføreren om:

Folketalet: Folketalsutviklinga har vore nokolunde balansert dei siste åra. Veksten i kommunen er knytt til arbeidsinnvandring, noko som fører til utfordringar i kommunen når det gjeld å kunne yta dei offentlege tenestene dei nye innbyggjarane treng.

#### Sosiale medium:

Eg er forsiktig med Facebook og andre sosiale medium, og har i særstaden liten grad nytta dette. Vil eg nå ut til innbyggjarane, nyttar eg lokalavis og radio.

#### Kommunesamanslåing:

Per i dag ikkje eit tema. Eg er ikkje sikker på om det i dag er nokon som vil samarbeida med oss. Men vi er klare og tydelege på samarbeid med nabokommunane når det kjem til interkommunale tenester.

#### Målform:

Nynorsk

# Ikkje heilt i kne

**– Det krev meir enn ein fireårsperiode for å koma i balanse, seier ordførar i Stranda kommune Jan Ove Tryggestad (Sp). Mi primær oppgåve før jul er å få eit budsjett i balanse.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND  
astrid@norsk-plan.no

Tryggestad har ei uhyre krevjande oppgåve som nyleg påtrappa ordførar i gjeldstynge Stranda kommune. Han tok over ordførarstolen med viten om kva økonomisk tilstand kommunen var i. Med eit underskot på ti millionar kroner er Stranda kommune blitt ein ROBEK-kommune, underlagt fylkesmannen i alle økonomiske avgjerder.



Trass mørke økonomiske skyer og opptakt til ein tung økonomisk periode i kommunen han styrer, meiner ordføraren at situasjonen er til å leva med.

Eit av tiltaka er at alle einingar får eit kutt på 10 % i 2012, men særleg for framtidige budsjett er denne situasjonen enormt utfordrande.

– Den økonomiske situasjonen gjev ikkje rom for dei store visjonane, fortel Tryggestad, men samstundes ser han at nokre av investeringane som er årsaka til underskotet, på sikt vil gje avkastning som igjen kjem kommunen til gode.

– Til forskjell for Terra-kommunane, som har investert i fond, er våre pengar investerte i tenester og aktivitetar som kjem både innbyggjarane og turismen til gode når desse verdiane blir realiserte, understrekar Tryggestad.

Men på kort sikt slit ordføraren med å finna løysing på til dømes restaurering av to store gamle skulebygg, der arbeidsmiljø og helsekrav krev snarlege investeringar.

– Dette er ei tung og alvorleg sak, fortel ordføraren, som ventar på svar frå fylkeskommunen når det gjeld lånevilkåra for denne prekjære skuleutviklingsaka.

#### TOPPEN AV ISFJELLET

Tidlegare investeringar i eit toppmoderne skianlegg i Strandafjellet har fått skulda for det store økonomiske underskotet i kommunen.

– Skianlegget er berre toppen av isfjellet, seier Tryggestad, og det utgjer berre ein liten del av heilskapsiletet. Hovudproblemet er at me har hatt åtte år med eit FrP-regime der ein har sagt ja til alt. Kommunen har opparbeida seg høg gjeld over tid grunna store investeringar i utbyggingsprosjekt i kommunal regi, som til dømes djupvasskaier og skiser. I tillegg har det vore underskot i selskap knytte til investeringar i skiserteret.

#### STABILE NÆRINGSINNTEKTER

Stranda kommune er ein sterk industrikommune med stabile skatteinntekter. Næringane går godt i følge ordføraren og sørgjer for 500–600 arbeidsplassar i kommunen som tel vel 4500 innbyggjarar.

I tillegg til møbelprodusenten Slettvoll og ein tung base i form av entreprenørverksemdar er matproduksjon ei stor næringsgrein i Stranda og gjev gode arbeidsplassar. Kommunen kan skilte med pizzaprodusenten Grandiosa og i tillegg store verksemdar innan lakseforedling og spekeemat. Vidare er jordbruket stort i volum i delar av Stranda kommune, og det føregår ein del foredling knytt til dette.

Reiselivet i kommunen er i følge ordføraren tungt og målretta, med Geiranger som ikon i norsk reiseliv. Ordføraren meiner investeringar i reiselivet på sikt vil vera positive for økonomien.

Kommunen har også stabile inntekter frå kraftproduksjon og som eigar av Energiverket. I tillegg har det dei siste åra også blitt gode inntekter som utbyggjar og netteigar av fleire private småkraftverk i kommunen. Hadde det vore opp til opposisjonen, ville dei nå ha selt Energiverket for å dekkja kommunen sitt underskot, i følge Tryggestad.

Ei kortsiktig og uaktuell løysing på problemet frå dei som har vore med på å setja kommunen i denne økonomiske situasjonen, avsluttar Tryggestad.

**TUNG BØR:** Utfordringane har stått i kø sidan Jan Ove Tryggestad (Sp) tok over som ordførar i Stranda kommune etter kommunalevalet. (Foto: Terje Engås)

**startside** /  
www.startside.no

**Klikk deg til meir nynorsk!**

Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:  
www.framtida.no/tags/framtida

# Klar for endå fleire turistar



**STORSLÅTT:** Frå Flydalsjuvet kan du sjå Geirangerfjorden og dei mange cruisebåtane som kjem til Geiranger. Statens vegvesen har heva standarden på servicetilbodet på dette utkikkspunktet også. (Foto: DGT/Terje Rakke, Nordic Life)

**Geiranger har i meir enn 100 år vore eit naturleg reisemål for turistar i Noreg. Kvart år er rundt ein halv million bilturistar innom, medan godt over 200 000 cruisebåtturistar kjem sjøvegen.**

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

I juni blir Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen endeleg offisielt opna.

Det har blitt jobba med å få på plass turistvegen sidan 90-talet. Sidan den 106 kilometer lange vegstrekninga mellom Langevatn på Strynefjellet og Sogge bru blei plukka ut til å bli ein av dei 18 nasjonale turistvegane i Noreg, har Statens vegvesen brukt fleire millionar kroner på å ruste opp utkikkspunkta langs strekninga.

– Det nyopprusta utkikkspunktet i Flydalsjuvet opna først i 2008, så kom Ørnesvingen, og i fjor sommar opna Gudbrandsjuvet med samferdsleministeren til stades. I Gudbrandsjuvet har det blitt lagt ned mykje pengar i kafébygg og toaletbygg, og i tillegg har private interessar bygd Juvet landsskaps hotell, som fekk reiselivsprisen i fjor, fortel assisterande reiselivssjef i destinasjonsselskapet Destination Geirangerfjord-Trollstigen AS, Ove Skylstad.

Slik reklamerer Statens vegvesen for turistvegstrekninga i Indre Sunnmøre: «Geiranger-Trollstigen er vegen gjennom norsk vestlandsnatur på sitt sterkeste og byr på utsikt over stupbratte fjell, djupe fjordar og frodige dalføre. Sidan turismen sin barndom har Geiranger og Trollstigen vore attraktive reisemål for turistar frå heile verda. Geirangerfjorden



**NYOPPRUSTA:** Ørnesvingen er eitt av utkikkspunkta på strekninga Geiranger-Trollstigen som har blitt rusta opp i samband med turistvegstatusen. (Foto: DGT/Ove Skylstad)

og Nærøyfjorden representerer det vestnorske fjordlandskapet på UNESCO si verdsarvliste.»

#### HOVDUFERDELSÅRA INN OG UT

Geiranger har rundt 250 fastbuande. Reiselivsnæringa gir grobotn for både bygda, kommunen og regionen. Det er fire hotell i den vesle bygda, og rundt 150 forskjellige reiselivsaktørar som driv med alt frå campingplassar, aktivitetsbedrifter med tilbod som rafting, juving, klatring og racerbåtar på fjorden, til bensinstasjonar og suvenirbutikkar.

– Kva betyr denne turistvegstrekninga for regionen?

– For reiselivet betyr ho alt. Det er hovudferdselsåra inn og ut av regionen. Heile anlegget er bygd opp etter turisttrafikken, slår Skylstad fast.

31. juli 1936 opna kong Haakon 7. den seks kilometer lange vegstrekninga Trollstigen frå Isterdalen til Stigrøra 852 meter over havet. Trollstigen har ni prosent helling og 11 hårnålssvingar. Det tok åtte år å byggje vegstrekninga. Strekninga er vinterstengd og vanlegvis open frå mai til oktober.

– Nå blir det jobba på spreng for å gjere Trollstigen klar til den offisielle opninga i juni neste år. Dei har rive den gamle restauranten og suvenirbutikken, og alt skal samlast på den andre sida av riksvegen.

Det skal lagast tersklar i elva, eit fellesbygg med suvenirar, gangsamband og nye utkikkspunkt. Alt får ny arkitektur, seier den assisterande reiselivssjefen.

#### GRØNARE FRAMTID

– Kva betyr turistvegstatusen for Trollstigen?

– Det blir nytt fokus på området, og området får tilført nye element og arkitektur. Kanskje vil det også gjere at vi når andre turistgrupper. Området blir også betre tilrettelagt enn tidlegare. Det har jo vore sprengt når det gjeld parkering. Dess meir området blir tilrettelagt, dess fleire vil stoppe. Turistvegstatusen betyr også litt ekstra marknadsføring, seier Skylstad.

Opparbeidinga av område og utkikkspunkt i samband med Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen er eit spleiselag mellom dei tre kommunane Stranda, Norddal og Rauma, Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Reiselivet i regionen vil i neste omgang utføre ei detaljert undersøking som seier noko om kor mykje pengar turistane legg igjen i regionen. I og med at området er på UNESCOs verdsarvliste, vil ein også vere oppteken av korleis området kan bli grønare.

– Det kjem til å bli jobba med meir miljøvenleg transport både på vegen og fjorden i framtida. Auka turisttraffikk gjev også meir slitasje, slår Ove Skylstad fast.

Nå gler han seg først og fremst over at turistvegstatusen blir verkeleg etter fleire år med utsetjing på grunn av manglande finansiering og framdrift. Kor mange fleire enn 700 000 turistar frå heile verda som kjem til å reise til Geiranger og Trollstigen etter den offisielle opninga neste sommar, står att å sjå.



**MYKJE BESØK:** Sidan oppstarten i september har besøket i nisjematbutikken Matbuda AS i Stranda vore stor, fortel dagleg leiar Vebjørn Skog (Alle foto: www.tommyrasmussen.no)

## Smak av kortreist mat



**Vebjørn Skog har sagt opp stillinga som kultursjef i Stranda kommune og har etablert eigen matbutikk og selskapslokale som tilbyr lokal- og kortreist mat.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND  
astrid@norsk-plan.no



Frå administrativ jobb i kommunen er det blitt hektisk aktivitet i den nye stillinga som dagleg leiar i Matbuda AS – smaken av kortreist mat. Her fungerer Skog i alle ledd, frå administrasjon til kokkelering.

I tillegg til butikkutsal har Skog selskapslokale med plass til 10–15 personar der han tilbyr middag som er laga av lokale råvarer og tillaga av profesjonelle kokkar. – Medan kald cateringmat vert laga av meg sjølv, kona og ein til i styret, leiger me inn kokkar på timebasis til varmmattservering, understrekar han.

Det er fleire tidlegare hotellkokkar som ynskjer å halda kokkekunsten i live i helgane i tillegg til annan jobb, i følgje Skog.

### OVERVELDANDE RESPONS

Det har vore travle dagar sidan oppstarten i byrjinga av september, med 15-17 timars arbeidsdagar, og responsen har vore enorm samanlikna med kva Skog hadde våga å håpa på.

– Eg får telefonar frå kundar som ynskjer å handla varer, og kundar som fortel at dei køyrer omvegar for å besøka butikken, fortel Skog.

Konseptet har modna over tid. Gjennom jobben som kultursjef i kommunen deltok han i ulike kommunale fora, og han vart merksam på behovet for å samla lokale matprodusentar. Skog var klar for meir skapande arbeidsoppgåver og fekk med seg dyktige folk i etableringsfasen.

– Eg spelar på lag med andre og snakkar med dei som kan mat, fortel han.

Det er vanvittig mykje arbeid å starta for seg sjølv. Men det er berre positivt med travle dagar, held han fram. Han innrømmer at han gler seg til ein fortent fridag fyrste juledag. Opningshelga i september overgjekk alle forventningane til omsetning, og oktober månad var like bra. Stranda kommune har støtta etableringa med eit tilskot frå næringsfondet på 190 000 kroner. Dette kjem godt med i ein etableringsfase.

### MATKOMMUNE

I butikken samlar Skog nisjeprodukt frå produsentar i fleire kommunar i Møre og Romsdal, men og frå andre stader i landet. Her får ein lokal mat og drikke frå kommunane Nordal, Stordal, Stranda og Sykkylven, ost frå Tingvoll og smør og rjome frå Røros. Det er mangt å velja i for kvalitetsmedvitne kundar. Foredda fisk og kjøtprodukt, viltkjøt, ymse osteprodukt, lefser og flatbrød, smør og rømme, frosne skaldyr, saft, sylte og gelear, rakefisk og øl frå mindre bryggeri.

Etter den positive responsen har Skog merka seg at fleire av matprodusentane byrjar å tenkja saman om å setja Stranda kommune på kartet som matkommune.

– Det er mykje spennande som kan koma ut av dette, avsluttar Skog, utan å røpa for mykje.

# Ny vår for nynorske julesongar

**Det hev ei rose sprunge og Det lyser i stille grender er kjende og kjære julesongar på nynorsk. Kva med dei andre nynorske julesongane? Blir dei sungne i kyrkja, på skulen, i barnehagen og i dei norske heimane? Eller ligg dei og støvar ned saman med gamal julepynt?**

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

Jul er tradisjon. Det gjeld også songane vi syng i jula. Sjølv om vi år etter år syng dei same julesongane og elsker dei, er det er ikkje tvil om at vi også byrjar å bli litt desperate etter nye. Dei siste åra har det blitt stadig meir populært å syngje julesongar på norsk.

### SET OM TIL NYNORSK

Kjell Inge Torgersen frå Stavanger har erfaring i å skrive om engelske songar til nynorsk. Han har tidlegare gjort det med Sting sine songar. Nå har han gjort det same med kjende amerikanske julesongar. Han gir dette året ut plata *Julelegender*. I tillegg til kjende utanlandske julesongar i nynorsk språkdrakt inneheld plata nyinnspelingar av tradisjonelle norske julesongar og heilt nye, eigenkomponerte julesongar. – Sjølv om mange av dei amerikanske julesongane har blitt ein del av den norske juletradisjonen, trur eg likevel vi er best i norsk, seier Kjell Inge Torgersen til Nynorsk pressekontor (NPK).

– Det er det norske språket vi har det sterkaste forholdet til, seier han om plata på YouTube.

Nokre av songane han har skrive om og omsett til nynorsk, er *Christmas song*, *Have Yourself a Merry Little Christmas* og *Joy to the world*. Dei nynorske titlane på desse songane er *Song om jul*, *Desse gylne dagar* og *Gled deg allverd*.

### – EI FRYD Å SYNGJE PÅ NYNORSK

– Eg har gjendikta dei amerikanske songane til eit syngbart nynorsk. Det er ei fryd å syngje desse songane nå som dei står fram både nye og gamle samstundes. Musikk du trur du har høyrd før, seier han på YouTube.

Torgersen er fullt klar over at folk er svært tradisjonelle når det gjeld alt som har med jul å gjere, men han trur likevel publikum er opne for ein liten vri på dei kjende songane.


– Jul er både tradisjon, overraskingar og nye ting, seier han til NPK.

Når Torgersen skriv songtekstar, er valet av målform enkelt.

– Då er nynorsk det heilt naturlege valet. Som songar er eg oppteken av fonetikk; kva lydar som er gode å syngja på, og når eg kan forsynt meg av gode, opne vokalar på nynorsk, så er det rikt, seier Kjell Inge Torgersen til NPK.



**SYNG PÅ NYNORSK:** Odd Nordstoga gav for to år sidan ut ei juleplate med fleire songar på nynorsk. (Foto: www.oddnordstoga.no)



**OMSET:** Kjell Inge Torgersen har gjendikta dei amerikanske songane til eit syngbart nynorsk (Foto: Morten Berenisen)

### DEN STORE STJERNA

I 1987 gav Sissel Kyrkjebø juleplata *Glade jul*, som mellom anna inneheldt songen *Den store stjerna* med tekst av Trygve Hoff. Songen blei laga for at Kyrkjebø skulle ha ein ny julesong til juleplata ho skulle gje ut. Sidan det var tenkt at det skulle bli ein song for alle, skulle han skrivast på ei av dei to offisielle norske målformene. Og sidan Hoff fann det uråd å skrive om «stjernen», blei songen på nynorsk.

Plata og songen blei ein suksess. 2. desember 1987 kunne avisene melde at Sissel Kyrkjebø hadde slått alle salsrekordar med juleplata si. Same dagen døyde Trygve Hoff, fortel Wikipedia.

– Vi bruker Norsk salmebok og ei salmebok som heiter Salmer 1997, som er eit tillegg til Norsk salmebok. Kva målform julesongane blir sungne på, avheng av kva målform dei er tilgjengelege i i salmeboka. Det blir nok ei overvekt av julesongar på bokmål, sjølv om prestane her vel den nynorske versjonen om han finst i salmeboka, fortel organisten.

Sølvi Irene Vinnos er frå Ålesund, bur i Sandnes i Rogaland og jobbar som lærar i ungdomsskulen. Ho har skrive ei hovudoppgåve der ho samanliknar Brorson og Grundtvig, to danske diktarar som mellom anna skreiv julesongar. Ho har dermed blitt litt ekstra interessert i julesongar, også norske julesongar.

– Årsaka til at eg er så oppteken av julesongar, er at det er den siste fellesarenaen, den siste felles kulturarven vi deler på tvers av generasjonane når det gjeld songar som vi alle kan og syng i lag, seier Vinnos til LNK-avisa.

### BLIX VAR EIN PIONER

Ho peikar på Elias Blix som ein pioner når det gjeld å skrive julesongar på nynorsk. *No koma Guds englar* og *Kling no, klokka* er blant dei mest kjende. Det kan elles nemnast at det neste år er 100 år sidan han døyde, og at det blir eit jubileum med mellom anna teaterframfyringar for salmediktaren som skreiv over 200 salmar.

Sjølv har Sølvi Irene Vinnos vakse opp med nynorske julesongar på skulen og i kyrkja og julesongar på bokmål heime.

– Eg har eit dobbelt sett med julesongar, og det ser eg på som ein ressurs, slår ho fast.

Som lærar er ho oppteken av å fortelje elevane kor flott både lyrikk og songar kan vere på nynorsk. Ho er også oppteken av å vise kor nær nynorsk ligg talemålet deira.

– Eg synest nynorsk er mykje vakrare enn bokmål. Bokmål opplever eg som litt stivt. Nynorsk opplever eg som litt nærare, i og med at det ligg nær opp til dialekten mi, seier ho på syngjande Synnmøre-dialekt.

### SYNG SJØLV PÅ NYNORSK

Ho har vore medlem i koret Skruk sidan 1981, og denne helga skal dei ut på juleturné i heimfylket hennar, Møre og Romsdal.

– I Skruk er det ikkje aktuelt å syngje julesongar på bokmål, fortel ho. Konklusjonen må vere at jo, dei nynorske julesongane blir brukte, men om du brukar dei sjølv eller høyrer andre bruke dei, kjem litt an på kor du bur eller kva konsert du går på, kva plate du kjøper, og kva målform du ønskjer å bruke og høyre.

### SALMEBOKA AVGJER

Arild Slinde er organist i Indre Sogn prosti. Han spelar i fem kyrkjer; Stedje, Norum, Kaupanger, Fjærland og Leikanger. Han er organist midt i det tjukkaste nynorskbelte. Korleis er det med bruken av nynorske julesongar under dei julegudstjenestene han er med på der?

## SITATET:

– Det er det spekulative forfallet vi vil til livs.

Liv Signe Navarsete om ny forskrift til plan- og byggingsslova

## OMTALE:



I OSLO: Kjære landsmenn går! går for tida på Det Norske Teatret. (Foto: Det Norske Teatret)

# Kjære Landsmenn!

Ein kabaret som tek publikum med på ei humoristisk og innhaldsrik reise, der Herborg Kråkevik sin kjærleik til Vestlandet kjem klart fram.

TØRSEL A. SCHIBEAAG

Gjennom 75 minutt leverer Kråkevik ein kabaret saman med musikanane Kjetil Bjerkestrand og Bernt Rune Stray som er til å le høgt av, men som òg er til ettertanke.

Ho balanserer heile tida mellom det morosame og det seriøse. Monstermastene i Hardanger, Arne Garborg, kongefamilien og media får alle medfart gjennom oppsetjinga. Men det heile blir gjort gjennom gode tekstar på humoristisk vis, som ofte gjev stoff til ettertanke. Det skapar ei god stemning i salen.

## EI REISE

Det heile startar i Danmark, der Kråkevik har budd dei siste åra, men etterkvart blir publikum tekne med på ei reise gjennom Noreg. Her får publikum servert både positive og negative sider av landet vårt. Bodskapane til Kråkevik er fleire. Det er tydeleg at ho vil visa publikum at sjølv om me veit at Noreg er best, så er me gode til å syta likevel.

## PARODIAR

Sjølv er Herborg Kråkevik parodierte i mange samanhengar, og parodiar er litt av hennar eige varemerke. Ho viser ei enorm evne til å hoppa inn og ut av forskjellige roller, skiftar på dialektar raskare enn Ola Normann skiftar TV-kanalar – og det på eit perfekt vis. Overbevisande imiterer ho m.a. Ingvild Bryn og gjer effektivt narr av NRK og Dagsrevyen si nyhendeprioritering. Ho lagar dessutan ein fornøyeleg parodi på redaktør Harald Stanghelle i Aftenposten sine utallege kommentarar til alt og ingenting.

## DET MUSIKALSKE

Musikken i stykket kan ein heller ikkje klaga på. Saman med Bjerkestrand har Kråkevik funne fram til norske klassikarar, som blir framførde på ein måte du ikkje har høyrte tidlegare. Alt frå *Dar kjem dampen til Ja, vi elsker* blir framførde i hennar arrangement og med hennar sarte røyst.

## GJENNOM HARALDYGATA

Kråkevik byr skikkeleg på seg sjølv i denne framsyninga. Ho går inn i seriøse og rolege roller, for deretter å rava gjennom Haraldsgata i Haugesund som ein bråkjekk og småfull Karmøybu. Ho er innom dei fleste dialektane i Noreg, og dei som ikkje får vera med, orsakar ho seg med at ho ikkje orkar å imitera.

## BOKMØLSBØLGJA

Høgdepunkta er mange, blant anna slottsmiddagen me får vera med på, der Mette-Marit er vert. Det er «veldig, veldig, veldig hyggelig og ikkje minst rørende.» Eit anna høgdepunkt er turen på Noahs robåt, der Kråkevik prøver å samla inn flest moglege dialektar, slik at «bokmølsbølga» ikkje skal eta dei opp. Her gjeld det å følgja med i svingane, Kråkevik hoppar frå den sensuelle nordlendingen (Kari Bremnes) til karen frå Fosnavågen. Eit sparetips du kan leva lenge på, er å leggja brevet på radiatoren over natta om det er eit par gram for tungt. Då er det garantert 19 gram dagen etter.

Alt i alt er det ei utruleg bra framsyning Herborg Kråkevik leverer, humoristisk, men også politisk. Kabareten, som skal gå fram til 22. desember, er noko å få med seg.

Spørsmålet blir: Kjem kabareten på turné til Vestlandet, som Kråkevik viser slik kjærleik til?

## – Nyttig med LNK-samarbeid

Fredag 9. desember skreiv Kommunalbanken under på ei forlengd avtale med Landsamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK). Den nye avtala gjeld heilt fram til 2016.

– Vi er godt nøgde med samarbeidet vi hatt med LNK sidan 2003. Gjennom dette samarbeidet får vi møte mange kommunar som ei gruppe, samstundes som vi møter kommunane på ein litt annan måte enn vi vanlegvis gjer. Vi møter også andre typar representantar frå kommunane enn vi gjer til vanleg, seier Kjell Pettersen, som er leiar for kommunikasjon og HR i Kommunalbanken.

– Vi liker også det store innslaget av kultur som LNK står for. Det er nyttig å vere samarbeidspartnar med LNK, og vi gler oss til å halde fram med dette samarbeidet, legg han til.

– Kva inneber det vidare samarbeidet for Kommunalbanken?

– Det inneber at vi spytter inn ein del midlar i LNK kvart år mot at vi får delta på arrangement og profilere oss på trykksaker og anna. At vi får vere til stades på LNK sine møtestader, seier Pettersen.

Også dagleg leiar av LNK, Vidar Høviskeland, er godt nøgd med at Kommunalbanken ønskjer å vidareføre samarbeidet.

– Det er viktig for oss å samarbeide med solide aktørar, som Kommunalbanken, KLP Forsikring og Fagforbundet. Ein ting er at dei gjev oss midlar, ein annan ting er goodwillen samarbeidet gjev oss, slår Høviskeland fast.

Bondeheimen har også forlengd samarbeidsavtala sin med LNK, fram til 2014.

startside /

Klikk deg  
til meir  
nynorsk!

www.startside.no

GOD JUL OG  
GODT NYTT ÅR!



SparebankenVest  
-satser på Vestlandet

Kommuneforlaget

MAGASINETT

KBN Kommunalbanken  
Norge

DAG OG TID

KAFFISTOVA  
Sidan 1901



KLP  
Kommunekreditt

Pirion

Bonde  
vennen

TUSSA

det norske teatret

GARBORGSENTERET  
JERMUSEET

Lakseløttet Lindum


FRAMTIDA.NO

ABC  
Startside

Norsk Plan  
kommunikasjonsbedrifta i Ryfylke

BEST WESTERN  
HOTELL BONDEHEIMEN  
Sidan 1903

# aktuelt: Reidar Almås



**Namn:** Reidar Almås  
**Alder:** 58  
**Yrke:** Bygdeforskar  
**Aktuell:** Nominert til Årets bygdeprofil i Nationen. Fekk St. Olavs Orden av 1. Klasse i vår.  
**Språk:** Nynorsk er hjartespåket

## Bygdeprofilen

**Nynorsken har hindra borgarkrigsliknande kulturtilstandar i Noreg, seier bygdeforskar Reidar Almås.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

*Kva forhold har du til nynorsk?*

Nynorsken er hjartespåket mitt, og eg skriv alltid på nynorsk, så nær som når eg skriv saman med andre som ikkje vil ha ein felles tekst på nynorsk, eller når eg skriv faglege artiklar på engelsk.

*Kvifor er dette språket så viktig?*

For meg er det å snakke dialekt og skrive nynorsk ein sentral del av identiteten min. For Noreg er nynorsken viktig for bygginga av ein felles nasjonal identitet, for integrasjonen mellom Austlandet og Vestlandet og for språkleg mangfald. Nynorsken har hindra borgarkrigsliknande kulturtilstandar i Noreg med strid om kven som er fullverdige norskingar.

*Du jobbar på Bygdeforskning, kva driv de med der?*

På Bygdeforskning driv vi samfunnsfagleg oppdragsforskning på bygder og distrikt. Vi har organisert verksemda i tre fagområde: lokalsamfunn, bygdeliv og kultur; ressursforvaltning, miljø, og landskap; og næringsutvikling, landbruk og verdikjeda for mat. Dessutan har Bygdeforskning eit nasjonalt ansvar for å ta vare på og utvikle ein grunnleggjande forskingskompetanse innan bygdesosiologi og fleirfaglege bygdestudiar.

*Kva skal til for å sikre levande bygder i Noreg i framtida?*

At alle med ansvar for utviklinga av bygdene gjer alt dei maktar for å gjere bygdene økonomisk berekraftige og sosialt attraktive for neste generasjon bygdefolk.

*Du fekk i vår St. Olavs Orden 1. klasse, korleis kjendest det?*

Det var svært overraskande, men utruleg gledeleg. Det var fint å bli sett pris på, så takk til dei som foreslo meg.



Sunniva Relling Berg (f. 1988) kjem frå Ålesund og bur i Bergen. *Uttor* er debutboka hennar, og med den vart ho nominert til Brageprisen 2011 i klassen for beste barne- og ungdomsroman. Foto: Samlaget

## debutanten

«Heile verda var i eit svart mørke, berre nokre punkt av lys, frå bilar inne på fastlandet, frå hus. Eg var omslutta, i ein mjuk, sval klem.»

Samlaget 2011

*Og no er du nominert til Årets bygdeprofil på Nationen.no. Kva tenkjer du om det?*

Da stiller eg meg i heiagjengen for Therese Johaug. Ho er ekte bygdejente, herleg, rett på sak og ein god representant for Bygde-Noreg.

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på [klp.no](http://klp.no) og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

**KLP**

for dagane som kjem